

NASJONALBIBLIOTEKET

ÅRSRAPPORT

2023



NASJONALBIBLIOTEKET

ÅRSRAPPORT
2023





Nasjonallibroteket på Solli plass, interior.
Foto: Ivan Brodey / Nasjonallibroteket.

Innhald

Del I	Leiarens fråsegn	5
Del II	Introduksjon til verksemd og hovudtal	9
Del III	Aktivitatar og resultat i 2023	15
Del IV	Styring og kontroll i verksemda	37
Del V	Vurdering av framtidssikter	45
Del VI	Årsrekneskap	47



DEL I

LEIARENS FRÅSEGN

IT TILBOD TIL ALLE

Alt me har rundt oss, ser ut til å kunne digitaliserast. Arbeidsprosessar, kommunikasjon, oppgaveløysing, sosial omgang, ja, sjølv tenkinga freistar me no å få maskinane til å gjere for oss. Det er noko umenneskeleg med denne utviklinga. Det skremmer mange av oss, og det skapar store diskusjonar om kor grensene skal gå mellom maskinane og menneska sine domene. Seinast no i byrjinga av 2024 går diskusjonane i heile Noreg om kor mykje plass mobiltelefonar, digitale verktøy og kunstig intelligens skal ha i skulen. Me er i ferd med å få eit kritisk blick på baksida av det teknologiske framsteget.

Men det er nokre sider ved digitaliseringa som utvilsamt er eit gode, og ikkje berre eit gode, men som gjer samfunnet meir menneskeleg, eller humant. Eit godt døme er tilgangen på litteratur for dei som treng tilrettelegging for å kunna lesa eller konsumere tekst. Gjennom lydbøker, talesyntesar, digital distribusjon og digitale punktsskrift-keyboard får no langt fleire moglegheita til å lese bøker, skrive, få tilgang til nyhende og pensumlitteratur. Det er ei udelt positiv utvikling der digitaliseringa gjer at bibliotektilbodet til ei stor gruppe i Noreg har vorte mykje betre. Fram til 2023 har ansvaret for slike tenester kome frå Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek som har vore ein eigen organisasjon heilt frå han blei skipa av Blindeforbundet. Frå 1. juli 2023 vart denne organisasjonen og denne tenesta ein del av Nasjonalbiblioteket.

”

«Digitaliseringa er på mange vis det som gjer det mogleg for Nasjonalbiblioteket å fylle rolla som eit nasjonalt bibliotek.»

Denne innlemminga av ein stor og godt driven organisasjon gjer at Nasjonalbiblioteket kjem endå nærare å vere eit bibliotek for alle i Noreg og med eit tilbod til alle. Saman med Det fleirspråklege biblioteket, depotbiblioteket, nettbiblioteket og dei veksande digitale tenestene til Nasjonalbiblioteket er dette ein grunnleggande infrastruktur for alle bibliotek og bibliotekbrukarar i Noreg. Når det no er organisert samla i Nasjonalbiblioteket, er det neste steget å lage eit mest mogleg saumlaust grensesnitt mellom tilboda til dei ulike biblioteka, i størst mogleg grad integrert i folkebibliotektilbodet. Dette forsterkar ambisjonen til Nasjonalbiblioteket om å vere eit bibliotek for heile befolkninga.

Digitaliseringa er på mange vis det som gjer det mogleg for Nasjonalbiblioteket å fylle rolla som eit nasjonalt bibliotek. I 2023 har me sett det på fleire felt. Bibliotektilbodet til folk er det viktigaste. Det er nokre år sida me for fyrste gong sa at nettbiblioteket vert Nasjonalbiblioteket, det er der dei fleste kjem til å bruke og forhalde seg til oss. I 2023 ser me at det er sant. Kvar einaste dag er det i snitt over 20 000 unike brukarar av nettbiblioteket. Det svarer til ein liten norsk by. Bruken veks kvart einaste år, og det er dei «profesjonelle» brukarane som står i spissen: forskarar frå heile landet som har tilgang via institusjonane sine.

Norske forskarar har tilgang til meir av den norske kulturarven digitalt enn dei har i noko anna land. Dei

kan nytte våre tenester for digital humaniora og gjere ting som ingen andre har moglegheit til. Det kjem til å prege norsk forskning, særleg i humaniora og samfunnsvitenskap dei neste tiåra, og kanskje også gje oss eit føresprang i høve til andre land.

Men det er ikkje berre forskarar som brukar nettbiblioteket, og det er ikkje berre nettbiblioteket som når ut til fleire. I 2023 har formidlinga til Nasjonalbiblioteket – som denne årsrapporten viser – sett nye publikumsrekordar. Meir enn 35 000 elevar i vidaregåande skule har opplevd føredrag og omvisingar frå Nasjonalbiblioteket i 2023, det er nesten eit heilt årskull, og nær 60 prosent av skulane i Noreg har vore med på dette. Over 30 000 av desse føredraga har vore digitale, og på det viset når me ut til heile landet.

Og det stoppar ikkje der. I 2023 vart podkasten vår «Gamle greier» ein publikumssuksess. Den har vorte plukka opp av NRK, og kvar episode vart lasta ned meir enn 35 000 gonger. Utstillinga i 2023 var via til svartmetall, og også her sette me rekordar. Ho har vorte så etterspurd at ho i 2024 skal turnera på fleire kontinent. Igjen er det den digitale formidlinga som gjer at me kan nå ut til så mange.

Når Nasjonalbiblioteket i 2005 bestemte seg for å digitalisera heile samlinga, var det for å gjere innhaldet i samlinga relevant i framtida. Det veit me no at var ei klok avgjerd: Den digitale samlinga er reiskapen både for digital humaniora, formidling og nettbiblioteket. Men mot slutten av året viste det seg òg å vere grunnlaget for eit pionerprosjekt i utviklinga av kunstig intelligens. Då fekk Nasjonalbiblioteket i oppdrag å leie eit forskingsprosjekt for å finne verdien av den opphavsrettsleg beskytta teksten i generative språkmodellar, og me fekk mandat til å føreslå ei kompensasjonsordning for retts-havarane. Dette er sjølve senteret for digital utvikling i

verda nett no, og om me lykkast, vil Noreg sette standardar for resten av verda. Igjen er det digitaliseringa som har gjort det mogleg, og det vil vere til nytte for alle i heile landet.

I løpet av eit år tek Nasjonalbiblioteket imot nesten tjuetusen bøker, fleire titusen aviser, fleire hundretusen timar fjernsyn og radio, me tek imot all musikk og all film som vert gjeve ut, og me haustar det norske internettet. Mellom anna. Me organiserer alt dette inn i samlinga og sikrar det for evigheita, digitaliserer det som ikkje kjem digitalt og så gjer me det tilgjengeleg. Det er ein prosess som involverer logistikk og transport, magasin med rett klima og temperatur og sikkerheitskontroll, det involverer bibliotekarar og forskingsbibliotekarar, og det er teknologar og skanneroperatørar som brukar arbeidsdagen sin på det. Det er kjernen i kva eit nasjonalbibliotek skal gjere. Og så kan me takka vere den digitale utviklinga nytte denne samlinga og alt dette arbeidet og skape tenester for forskning, bibliotek og folk flest. Og me kan skape formidling for heile landet. Det gjer det mogleg for oss å leve opp til målet om å vere eit bibliotek med tilbod for alle, og det er ein udelt god ting.

Oslo, 15.03.2024



Aslak Sira Myhre

DIREKTØR, NASJONALBIBLIOTEKET



DEL II

INTRODUKSJON TIL VERKSEMD OG HOVUDTAL

Mandatat til Nasjonalbiblioteket er forankra i pliktavleveringslova. Nasjonalbiblioteket leverer infrastruktur og tenester for norske bibliotek på område som biografiske standardar og nasjonalbibliografiar. 1. juli 2023 blei Norsk lyd- og blindeskriftsbibliotek ein del av Nasjonalbiblioteket og er no ei avdeling under namnet Avdeling for tilrettelagd litteratur. Det er ei utviding av mandatat til Nasjonalbiblioteket med ei teneste for grupper som krev spesiell tilrettelegging. Nasjonalbiblioteket er depotbibliotek for heile landet og tilbyr digitale innhaldstenester og eitt felles biblioteksøk i og for alle norske bibliotek. I tillegg leverer vi infrastruktur for norsk forskning og er sjølv forskingsinstitusjon. Nasjonalbiblioteket er òg leverandør av ein norsk språkbank til bruk i forskning og næringsverksemd. Nasjonalbiblioteket har òg ansvar for å digitalisere all dokumentbasert kulturarv frå norske bibliotek, arkiv og museum.

Nasjonalbiblioteket gir folk i Noreg tilgang til den felles kunnskaps- og kulturhistoria vår. Gjennom å ta vare på, digitalisere og formidle alt som er publisert for offentlegheita, er Nasjonalbiblioteket den viktigaste kjelda til kunnskap om Noreg og norske forhold. Denne tilgangen til kulturarven gir eit unikt grunnlag for oppleving, kunnskap og forskning. Tilgangen er vesentleg for demokrati og eit opplyst offentlig ordskifte, og han er eit grunnlag for identitet og forståing av historie. Eit av dei viktigaste måla til Nasjonalbiblioteket er at flest mogleg kjenner til og bruker den felles kunnskaps- og kulturhistoria vår.


Nasjonalbiblioteket er eit av dei mest ambisiøse og moderne nasjonalbiblioteka i verda, og har ein brei oppgaveportefølje. Mellom anna har Nasjonalbiblioteket ansvaret for nasjonal bibliotekinfrastruktur og ein del sentrale nasjonale bibliotektilbod. Denne strategien skal ikkje gi ei uttømmende skildring av alle oppgåvene til Nasjonalbiblioteket og alle felt vi arbeider på, men peike ut seks hovudområde for strategisk utvikling i perioden.

STRATEGIEN TIL NASJONALBIBLIOTEKET

SAMFUNNSBIDRAGET TIL NASJONALBIBLIOTEKET

Innsatsfaktorar og rammevilkår	Aktivitetar	Produkt og tenester	Brukareffektar	Samfunnsseffektar
<ul style="list-style-type: none"> 730,5 millionar kroner pliktavleveringslova folkebiblioteklova åndsverklova 	<ul style="list-style-type: none"> mottak av pliktavlevert og anna materiale kunnskapsorganisering digitalisering bevaring tilgjengeleggjering av materialet formidling forskning og utvikling (FoU) avklaring av rettar tenesteutvikling kunnskapsutvikling forvaltning av tilskot produksjon og tilgjengeleggjering av tilrettelagd litteratur 	<ul style="list-style-type: none"> nettbaserte bibliotektenester for alle medietypar bibliotektenester for grupper med tilretteleggingsbehov språkkorpus og språkmodellar til bruk i utvikling av KI-baserte tenester nasjonalmultigrafi metadata og andre attfinningsverktøy depotbibliotek infrastruktur for forskning referansetenester, rådgiving og kompetansedeling sikker langtidsbevaring av norsk kulturarv digital infrastruktur for norske bibliotek 	<ul style="list-style-type: none"> gir alle enkel tilgang til kulturarven lar forskarar, studentar og andre fagfolk finne og bruke kunnskaps-, språk- og kulturhistoria gir sterkare tilknytning til historia gir betre bibliotektenester for heile befolkninga bidrar til utvikling av KI-modellar basert på norskprodusert innhald 	<ul style="list-style-type: none"> skaper identitet og tilknytning bidrar til kunnskap, interesse og medvit om norsk kultur-, kunnskaps- og språkarv styrkjer norsk offentlegheit og utviklar fellesarenaer for debatt gir alle enkel tilgang til norsk publiseringshistorie og kulturarv

ORGANISASJON



ØKONOMI OG RESSURSBRUK

Nasjonalbiblioteket er eit bruttofinansiert forvaltingsorgan under Kulturdepartementet. Nasjonalbiblioteket

si budsjettamme til ordinær drift var på 652,3 millionar kroner i 2022 eksklusive overføringer frå året før.

NØKKELTAL FRÅ ÅRSREKNEKAPEN

	2021	2022	2023
Årsverk – (utførte årsverk)	482,8	484,0	482,0
Tildeling post 01–99. Tala er eksklusive overføringer frå året før, post 80 og inntekter	703,7	723,8	744,4
Utnyttingsgrad post 01–29	98 %	97,1 %	98,3 %
Lønnsdel	53,1 %	53,6 %	54,4 %
Lønnsutgifter per årsverk	736 694	735 264	823 896
Tildeling post 80	82,4	90,0	98,3

STRATEGI FOR NASJONALBIBLIOTEKET 2024–2029

Samfunnsoppdrag og visjon

Nasjonalbiblioteket gir folk i Noreg tilgang til den felles kunnskaps- og kulturhistoria vår. Gjennom å ta vare på, digitalisere og formidle alt som er publisert for offentlegheita, er Nasjonalbiblioteket den viktigaste kjelda til kunnskap om Noreg og norske forhold. Denne tilgangen til kulturarven gir eit unikt grunnlag for oppleving, kunnskap og forskning. Tilgangen er vesentleg for demokrati og eit opplyst offentleg ordskifte, og han er eit grunnlag for identitet og forståing av historie. Eit av dei viktigaste måla til Nasjonalbiblioteket er at flest mogleg kjenner til og bruker den felles kunnskaps- og kulturhistoria vår.

Nasjonalbiblioteket er eit av dei mest ambisiøse og moderne nasjonalbiblioteka i verda, og har ein brei oppgaveportefølje. Mellom anna har Nasjonalbiblioteket ansvaret for nasjonal bibliotekinfrastruktur og ein del sentrale nasjonale bibliotektilbod. Denne strategien skal ikkje gi ei uttømmende skildring av alle oppgåvene til Nasjonalbiblioteket og alle felt vi arbeider på, men peike ut seks hovudområde for strategisk utvikling i perioden.

Hovudmål og –satsingar i strategiperioden

1. Nettbiblioteket er den viktigaste inngangen til Nasjonalbiblioteket si samling både for forskning og dokumentasjon og for publikum. Digitaliseringa av samlinga til Nasjonalbiblioteket har, saman med avtalar med rettshavarar om tilgang til materialet, gjort det norske nettbiblioteket unikt i verdssamheng. Nasjonalbiblioteket skal styrke det nasjonale bibliotektilbodet gjennom å

- a) vidareføre programmet for digitalisering av den analoge samlinga

- b) utvide tilgangen gjennom klarering av rettar og samarbeid med rettshavarar
- c) gjere tilbodet kjent for nye grupper av befolkninga
- d) utvikle nye tenester i takt med det veksande digitale arkivet og gjennom bruk av nye digitale verktøy

2. Formidling av norsk historie og kulturarv er ein aukande del av oppgåva til Nasjonalbiblioteket. Den store jobben som blir gjort med pliktavlevering, kunnskapsorganisering og digitalisering, kjem folk til gode gjennom denne formidlinga. Nasjonalbiblioteket skal auke kunnskapen om norsk historie, samfunn og kulturarv gjennom å

- a) styrke det aktive formidlingsarbeidet og søke mot flater og kanalar som når breitt ut til folk i heile Noreg
- b) vere ein av dei viktigaste møteplassane for kunnskap om og formidling av norsk kulturhistorie
- c) bruke formidlingsarbeidet til å sette søkelys på aktuelle tema og personar, eit arbeid som knyter seg både til jubileum og kjende hendingar, men som òg skal vere med på å få fram nye, ukjende eller marginaliserte delar av historia

3. Nasjonalbiblioteket er ein forskingsinstitusjon som legg til rette for og driv forskning på si eiga samling. Samlinga og kompetansen til Nasjonalbiblioteket står sentralt i utviklinga av norsk språkteknologi og forskingsinfrastruktur. Utviklinga innanfor kunstig intelligens og maskinlæring har gjort behovet for norsk språk og innhald til utvikling og trening av denne typen teknologi stadig viktigare. Nasjonalbiblioteket skal i perioden særleg styrke arbeidet med å

- a) vidareutvikle Nasjonalbiblioteket som forskingsinstitusjon og forvaltingsinstitutt i tråd med samfunnsoppdraget til Nasjonalbiblioteket

- b) vidareutvikle Nasjonalbiblioteket som infrastruktur for norsk forskning gjennom samarbeid med relevante aktørar
- c) produsere og tilby grunnlagsmateriale til bruk i språkteknologi, maskinlæring og kunstig intelligens

4. Nasjonalbiblioteket fekk i 2020 i oppdrag å digitalisere heile den norske dokumentbaserte kulturarven. Samtidig blei samarbeidet og samhandlinga mellom Arkivverket og Nasjonalbiblioteket knytt til digitalisering og lagring av fysisk materiale styrkt. Nasjonalbiblioteket skal i perioden utvikle seg som institusjon for digitalisering og bevaring av materiale frå heile ABM-sektoren i Noreg gjennom å

- a) behandle audiovisuelle samlingar i kulturarvsektoren og Nasjonalbiblioteket si eiga samling som éi samling i prioriteringa av digitalisering
- b) utvikle fleksibilitet i organisasjonen som gjer det mogleg å prioritere ressursar og folk mellom ulike digitaliseringsoppgåver
- c) samarbeide med kulturarvinstitusjonane for å sikre effektive arbeidsprosessar

5. Digitaliseringa av bibliotek og bibliotektenester gjer nasjonal infrastruktur mogleg og nødvendig på stadig fleire område. Samtidig har Nasjonalbiblioteket òg fått ansvaret for nasjonale tenester for fleirspråkleg og tilrettelagd litteratur. Nasjonalbiblioteket skal styrke det nasjonale bibliotektilbodet gjennom å

- a) utvikle og drive nasjonal infrastruktur for metadata, fjernlån og bibliotekfagleg kompetanseheving
- b) sikre at tilbod om og formidling av fleirspråkleg litteratur og tilrettelagd litteratur blir best mogleg integrert i bibliotektilbodet elles i sektoren
- c) vidareutvikle tilbodet til personar som på grunn av ei funksjonsnedsetjing har vanskar med å lese trykt tekst

6. Nasjonalbiblioteket skal overvake eigne arbeidsmetodar og arbeidsprosessar for å sikre at ressursane blir utnytta på ein effektiv måte. I strategiperioden vil følgande område bli prioriterte:

- a) For hovudarbeidsprosessane i det digitale bibliotektilbodet skal vi utvikle den tverrfaglege teamorganiseringa mellom fagfolk og teknologar med vekt på eigarskap, sjølvstende, iterativ utvikling og kontinuerleg forbetring.
- b) På området for kunnskapsorganisering skal vi i dialog med utgivarar og andre aktørar sikre automatisert metadatafangst og gjenbruk av metadata, og utforske nye metodar for attfinning av kunnskap.
- c) I arbeidet med å digitalisere den dokumentbaserte kulturarven skal vi ta i bruk og utvikle teknologi som forenkler og gir effektive produksjonsprosessar.
- d) Vi skal fullføre integrasjonen mellom tidlegare NLB og NB med vekt på effektive tenesteleveransar og ved å prioritere å ta i bruk beste kompetanse og beste praksis.

I tillegg har Nasjonalbiblioteket prinsipp og reguleringar som er retningsgivande for verksemda. Desse viser seg i lover, reguleringar og styringsdokument frå Storting og regjering, men nokre av dei vil vi særskilt trekke fram i denne strategiperioden:

- 1.** Nasjonalbiblioteket skal i virke og drift bidra til å oppfylle berekraftsmåla til FN.
- 2.** Nasjonalbiblioteket skal i virke og drift respektere åndsverk og bidra til å oppretthalde åndsverkrettar for utgivarar og opphavarar.
- 3.** Nasjonalbiblioteket skal i virke og drift søke å reflektere mangfaldet i den norske befolkninga.



DEL III

AKTIVITETAR OG RESULTAT I 2023

Det var ei stor hending i norsk litteratur då Jon Fosse i desember vart tildelt sjølvaste nobelprisen. Regjeringa følgde opp med å leggje til rette for eit årleg foredrag på Nasjonalbiblioteket for å heidre forfattaren. Fosseforedraget og Fossestipendet framhevar kor viktig forfatterskapen hans er både i Noreg og ute i verda.

Nasjonalbiblioteket har verdas største samling av materiale av og om Jon Fosse, gjort tilgjengeleg for publikum på nettstaden vår. Nytt i 2023 er Fosse-bibliografien og det ferdig sorterte Fosse-arkivet.

Nasjonalbiblioteket er i verdstoppen når det gjeld digitalisering av kulturarven. I år fortsetter arbeidet med å bevare store mengder bøker, aviser, tidsskrift, musikk og anna materiale for ettertida. Materiale frå arkiv, bibliotek og museum landet over er òg digitalisert.

Den store digitale samlinga gir mange moglegheiter. I Nettbiblioteket er langt fleire titlar gjort tilgjengelege for publikum i år. Det er òg lagt ned mykje arbeid i å utarbeide tekstkorpus til ulike formål. Ei viktig oppgåve er å trene norske generative språkmodellar med norsk innhald slik at teknologien i Noreg òg i framtida er basert på norsk språk og kultur.

JON FOSSE I NASJONALBIBLIOTEKET

Fosseforedraget

Kvart år blir ein internasjonalt kjend forfattar, dramatikar eller litteraturforskar invitert til å halde Fosseforedraget på Nasjonalbiblioteket, utvald i samråd med Jon Fosse.

Fossestipendet

Samtidig med Fosseforedraget blir det kvart år tildelt eit stipend for opphald i Noreg for ein omsetjar som arbeider med å omsetje norsk litteratur til andre språk. NORLA, Norwegian Literature Abroad, vil velje ut vinnaren i samråd med Nasjonalbiblioteket.

Fosse-seminar

Som del av Den internasjonale Fosse-festivalen arrangerte Nasjonalbiblioteket i september Fosse-seminar over to dagar i samarbeid med Det Norske Teatret, med foredrag av litteraturvitarar, teatervitarar, kritikarar og scenekunstnarar. Konferansen var svært godt besøkt, og ein antologi med innlegga frå konferansen er planlagt i 2024.

Fosse-bibliografien

Nasjonalbiblioteket har sett saman ein oversikt over alle publikasjonar av og om Fosse i bøker og tidsskrift. Per no omfattar bibliografien 1600 postar, og han blir fortløpande oppdatert. Her er referansar til Fosse sine verk på norsk og i omsetjing, i tillegg til det han sjølv har omsett og gjendikta frå andre språk.

Fosse-arkivet

Privatarkivet til Fosse er no sortert og gjort tilgjengeleg for forskning og formidling. Fosse-arkivet inneheld alt frå brev, notat og manuskript til avisklipp, fotografi, kassetar, CD-ar og videoar. Arbeidet med å samle inn materiale frå inn- og utland held fram i samarbeid med Det

Norske Samlaget, Det Norske Teatret, Nynorsk kultursentrum og fleire.

Sceneweb: Jon Fosse

Nasjonalbiblioteket har registrert teaterframsyningar over heile verda basert på verk av Fosse i samarbeid med Scenewebarkivet.

↓ Nasjonalbiblioteket overtok privatarkivet til Jon Fosse i 2021. I 2023 vart det ferdig sortert. Foto: Gorm K. Gaare / Nasjonalbiblioteket.



KULTURFORMIDLING

Svartmetall i Nasjonalbiblioteket

Ein viktig del av historia er kulturuttrykka som gjer opprør mot det etablerte. Motkulturar stiller seg i opposisjon til rådande haldningar og finn eit fellesskap i utanforskapen. Eit interessant døme er norsk svartmetall. Musikk-sjangeren som i 90-åra var ein rå og kontroversiell motkultur, er i dag ein av Noregs fremste kultureksportar.

I 2023 løfta Nasjonalbiblioteket fram denne kulturen i ei omfattande formidlingssatsing knytt til utstillinga *Dårlig stemning. Lyden av følelser i norsk svartmetall*. Satsinga vart ein stor suksess og nådde fram til 1,3 millionar menneske i Noreg og internasjonalt, medrekna sosiale medium.

Utstillinga vart sett av 16 000 besøkjande. Mange deltok òg på dei ulike scenearrangementa knytt til utstillinga,



Kjelde: Landsrepresentativ befolkningsundersøking for Nasjonalbiblioteket gjennomført av Norstat i 2023.

fysisk eller via strøyming. Helge Kaasin skreiv boka *Snø og granskog. Språk, ideologi og nasjonalromantisk raseri i norsk svartmetall* spesielt for dette høvet.

Det har vore stor merksemd rundt det digitale innhaldet som vart produsert til utstillinga. Videoreportasjar og redaksjonell formidling i sosiale medium er mykje sett, og Nasjonalbibliotekets populære podkast, *Gamle greier*, vigde to episodar til temaet.



← Dei tre sjølvtitulerte heksene i Witch Club Satan opptredde på opninga av utstillinga *Dårlig stemning*. Foto: Gorm K. Gaare / Nasjonalbiblioteket.

Stor merksemd har det òg vore frå pressa med om lag 100 presseoppslag, mange av dei internasjonale. TV2 hadde live-innslag frå opninga, og den tysk-franske TV-kanalen *Arte* laga intervju med utstillingskurator Thomas Alkårr og Kjetil Manheim, tidlegare trommeslagar i segnomspunne Mayhem.

Internasjonal vandreutstilling

Over heile verda lyttar folk til norske svartmetallband som Darkthrone, Mayhem og Satyricon. Då er det kanskje ikkje så rart at fleire internasjonale kulturinstitusjonar har vist interesse for *Dårlig stemning*. Nasjonalbiblioteket legg no til rette for ei vandreutstilling i galleri og kulturarenaer verda over dei kommande åra.

FORMIDLING I TAL. DÅRLIG STEMNING. LYDEN AV FØLELSER I NORSK SVARTMETALL

- Besøk i utstillinga, inkludert skolebesøk: 16 327
- Arrangement, fysisk og digitalt: 2 121
- Videoreportasjar, avspelingar: 757 700
- Redaksjonelt innhald i sosiale medium, rekkjevidde: ca. 423 000
- Podkast, avspelingar: 52 173
- Sal av boka *Snø og granskog* og andre salsvarer knytt til utstillinga: 2 051



- ↑ Dårlig stemning. Jannicke Wiese-Hansen designa logoen til utstillinga. Ho har forma det grafiske uttrykket til mange norske svartmetallband, som Immortal, Burzum og Enslaved. Illustrasjon: Jannicke Wiese-Hansen / Nasjonalbiblioteket.

Kurator Thomas Alkårr og utstillingsansvarleg i Nasjonalbiblioteket Marte-Kine Sandengen ved sida av døra til Øystein Aarseths platebutikk, Helvete, som han dreiv i Gamlebyen i Oslo i 90-åra. Døra blei frakta til Nasjonalbiblioteket for høvet. Foto: Gorm K. Gaare / Nasjonalbiblioteket.



Digital formidling til heile Noreg

Nasjonalbiblioteket ønskjer å nå ut til folk uavhengig av kvar dei bur. Dei siste åra er det difor satsa stort på formidling av digitalt innhald. Godt hjelpt av dette nærma publikumstalet seg 1,5 millionar for den samla kulturformidlinga i 2023. Då er ikkje sosiale medium medrekna.

Det digitale publikummet talde 1,4 millionar, ein auke på 125 % frå fjoråret. Det samla fysiske publikummet nærmar seg 60 000 og auka med 32 %.

Gjennom den redaksjonelle formidlinga har Nasjonalbiblioteket som mål å auke kunnskapen om norsk kultur, historie og samfunn. Formidlinga skjer på video, i sosiale medium og gjennom i podkastar, utstillingar, arrangement, skolebesøk og utgivingar.

Podkast

I 2023 inngjekk NRK og Nasjonalbiblioteket samarbeid om distribusjon og sending av podkasten *Gamle greier*. Historiepodkasten vart lansert i 2020 då pandemien starta og har gradvis auka i popularitet. I år er 24 episodar sende på NRK P2 og fremja i strøymetenesta NRK Radio. Samla lyttartal inkludert tal frå NRK er 1,3 millionar. Samarbeidet fortset i 2024 og styrker målet vårt om



å nå ut til heile Noreg med forteljingar frå norsk historie og kulturarv.

Skolebesøk

Nasjonalbiblioteket begynte med skolebesøk i 2019, og interessa frå vidaregåande skolar over heile landet aukar jamleg. 58 % av dei vidaregåande skolane har deltatt på foredrag, sett digitale produksjonar eller vore på omvising i faste utstillingar i 2023. Til saman utgjør dei 36 000 elevar og lærarar frå skolar i 124 av landets kommunar.

Formidlinga er forankra i læreplanen, med tema som nasjonsbygging, kvinnehistorie, utanforskap, identitet og forholdet mellom stat, urfolk og natur. Karthistorie og norsk mellomalder er òg hyppige tema.

Randi Hultin-utstillinga på vandring

Nasjonalbiblioteket legg ned mykje arbeid i å setje saman utstillingar med materiale frå samlinga. Som del av den nasjonale formidlingsinnsatsen er det eit mål å sende utstillingar rundt omkring i landet slik at fleire får glede av dei. Randi Hultin-utstillinga er no gjort om til vandreutstilling og har sidan i sommar vorte vist på Romsdalsmuseet i Molde. 6 000 menneske har sett utstillinga så langt.

- ← Live-innspeling av podkasten *Gamle greier* med Chris Nyborg, Live Vedeler Nilsen og Lars Håkon Hammeren Risberg. Foto: Gorm K. Gaare / Nasjonalbiblioteket.

PUBLIKUMSARRANGEMENT PÅ SOLLI PLASS

I publikumsområda på Solli plass er det kvart år mange arrangement. Nasjonalbiblioteket legg vekt på mangfald og variasjon og strøymer dei fleste arrangementa, slik at dei når ut til heile landet.

Mars

På arrangementet *Glimt frå ei kulturhistorie: Altaaksjonane* fortalde Niillas Aslaksen Somby, Máret Sara og Bjarne Store-Jakobsen om kampen mot utbygginga av Alta-Kautokeino-vassdraget i åra 1979–81. Mari Boine joika.

September

Rundt 2 500 menneske var innoom handverkfestivalen, som Nasjonalbiblioteket arrangerte for andre gong. Spikking, smiing, romanihandverk, trådarbeid,

skinnsynging og mykje meir stod på programmet. Elias Akselsen heldt konsert og snakka òg om kniven som viktig symbol i romanikulturen.

Oktober

Med arrangementet *Black essays* markerte Nasjonalbiblioteket Black History Month Norway. Fem personar med afrikansk bakgrunn fortalde om menneske som har inspirert dei.

November

Historier fra Finnskogen var ein temakveld med panel-samtale og foredrag om det myteomspunne området og den særeigne minoritetskulturen til skogfinnane. Sinikka Langeland hadde med seg nokre av dei fremste musikarane i landet då ho framførte verket *Sauna Cathedral*.

Mari Boine. Foto Gorm K. Gaare /
Nasjonalbiblioteket.



↘ Deltakarar under handverkfestivalen i september.
Foto: Iselin Kristiansen.



↑ Nosizwe Baqwa under Black essays.
Foto: Gorm K. Gaare / Nasjonalbiblioteket.



↑ Sinikka Langeland framførte verket *Sauna Cathedral* under temakvelden *Historier fra Finnskogen*.

NETTBIBLIOTEKET

Nettbiblioteket på nb.no hadde rundt 5 millionar besøk i år. I biblioteket som tidlegare heitte Bokhylla, får alt frå elevar til forskarar digital tilgang til materiale frå Nasjonalbiblioteket. I 2023 vart 175 000 fleire titlar tilgjengelege for norske lesarar, og Nettbiblioteket inneheld no 400 000 bøker gitt ut i Noreg til og med 2005.

Dette er mogleg fordi Kopinor og Nasjonalbiblioteket vart samde om ei ny og betre Bokhylla-avtale. Som følgje av avtala ligg opphavsrettsleg materiale opent tilgjengeleg, materiale som elles ville ha vore vanskeleg å få tak i. I tillegg til bøker inkluderer den nye avtala forskings- og årsrapportar, lokalhistorie og offentlege utgivingar. Dette er eit prøveprosjekt ut 2025.

Avtala viser korleis vi i Noreg kan skape gode løysingar for alle gjennom samarbeid og forhandling. Kopinor, som representerer norske utgivarar, forfattarar og andre opphavarar, kan inngå kollektive avtaler med avtalelisensverknad, mens Nasjonalbiblioteket digitaliserer norske åndsverk og gjer dei tilgjengelege.



↑ «Bokhylla er ein sentral del av infrastrukturen for norske bibliotek, og dette er eit viktig steg for å realisere dei nye måla vi har sett i bibliotekstrategien», sa kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery då ho presenterte den nye Bokhylla-avtala saman med Hege Munch Gundersen frå Kopinor og nasjonalbibliotekar Aslak Sira Myhre. Foto: Gorm K. Gaare / Nasjonalbiblioteket.



Kjelde: Landsrepresentativ befolkningsundersøking for Nasjonalbiblioteket, gjennomført av Norstat i 2023.


FORSKING

Nasjonalbibliotekets laboratorium for digital humaniora er ein ressurs for forskarar og studentar innanfor humaniora og samfunnsvitskap, men òg fag som medisin, juss og naturvitskap. Mykje brukt er søkjetenesta NB N-gram. Her kan ein søkje på og samanlikne ordfrekvensar i den store samlinga med digital tekst, til dømes for å få innsikt i korleis ord blir brukte over tid.

Skreddarsydd løysingar blir leverte til ulike forskingsprosjekt. I år har Nasjonalbiblioteket deltatt i 17 forskingsprosjekt og 2 forskarskolar og utgjer ein vesentleg infrastruktur for forskning på norsk kultur og språk. Nye forskingsprosjekt i 2023 er Made Abroad og NORN.

Made Abroad

Made Abroad: Producing Norwegian World Literature in a Time of Rupture, 1900–1950 (MAP) blir finansiert av Noregs forskingsråd. Prosjektet kartlegg vegen norsk litteratur tok for å bli verdslitteratur i åra etter Ibsen og Bjørnson. Dette var ei tid med tilslutning til internasjonale avtaler om opphavsrett, framvekst av litterære agentur, endringar i forlagsstruktur og ikkje minst to verdskrigrar. Nasjonalbiblioteket eig prosjektet, og partnerar er Universiteta i Oslo og Trondheim, Nynorsk kultursentrum, Lillehammer Museum og Bournemouth University.



FORSKINGSPROSJEKT SOM STARTA OPP ELLER SOM NASJONALBIBLIOTEKET VART DEL AV I 2023:

- Made Abroad: Producing Norwegian World Literature in a Time of Rupture, 1900–1950
- NORN. Norwegian Romantic Nationalisms
- Ord og vold: Forfattere mellom demokrati og diktatur 1933–1952
- MaMo: Maritime Modernities: Formats of Oceanic Knowledge, 1600–2000

NORN

NORN – Norwegian Romantic Nationalisms blir finansiert av Det europeiske forskingsrådet. Prosjektet undersøker korleis kollektive kjensler knytte til ideen om nasjon vart utnytta, aktivert og konstruert gjennom 1800-talets norske litteratur og teater. Universitetet i Oslo eig prosjektet. Nasjonalbiblioteket er partner og skal bruke maskinlæring og digitale analysemetodar for modellering av heile 1800-talslitteraturen.

↑ Eit prosjekt det er jobba mykje med i 2023, er *Landslovprosjektet 2014–2024*, som gir ny kunnskap om Magnus Lagabøtes landslov frå 1274. Foto: Nasjonalbiblioteket.

→ Arbeidet med ei ny utgåve av Bylova og Farmannsløva er utført i regi av prosjektet *De norske middelalderlovene*. Foto: Nasjonalbiblioteket.



Publikasjonar

Tilsette ved Nasjonalbiblioteket har gjennom året produsert 17 tidsskriftartiklar og bokkapittel og bidrog i tillegg med forfattar og redaktør på heile 9 bokutgivingar. 4 av dei vart utgitt i Nasjonalbibliotekets egne skriftseriar, blant anna antologien *Peder Rafns visebok. En historisk-kritisk utgave og Magnus Håkonsson Lagabøtes bylov og farmannsløv*.

I juni forsvarte Tone Føreland doktorgradsavhandlinga *Filmarven fra Fjøsset. Filmproduksjon i Landbrukets Film- og Billedkontor 1942–1985*. I avhandlinga nyttar ho den breie erfaringa si som mangeårig filmarkivar på Nasjonalbiblioteket.

SPRÅKTEKNOLOGI

Mens chatbotar tidlegare baserte seg på førehandsdefinerte reglar, skjedde det ei omdreining med moderne chatbotar som ChatGPT. Dei er bygde ved hjelp av store språkmodellar og hentar gjerne tekstmengdene som krevst, frå internett. Nasjonalbiblioteket har jobba med språkmodellar i fleire år, og fordi så mykje materiale av høg kvalitet er digitalisert, er vi i ein unik posisjon til å framstille grunnlagsmateriale til å trene norske språkmodellar.

Nytt forskingsprosjekt om kunstig intelligens

På tampen av 2023 fekk Nasjonalbiblioteket i oppgåve frå regjeringa å leie eit nytt forskingsprosjekt om kunstig intelligens der relevante norske forskingsmiljø deltek. Prosjektet skal undersøkje kva betydning opphavsrettsleg beskytta materiale har i trening av norske generative språkmodellar. Det er aktuelt å sjå på korleis The Norwegian Colossal Corpus (NCC) kan brukast i denne samanhengen. Rettshavarar, forfattarar og forleggjarorganisasjonar blir inviterte til å følgje prosjektet. I etterkant skal Nasjonalbiblioteket vurdere grunnlaget for ei eventuell kompensasjonsordning for norske rettshavarar.

NCC finst i ei grunnutgåve tilgjengeleg for alle og i ein utvida versjon som inkluderer materiale under opphavsrett. Den utvida versjonen kan bli brukt i forskning i tråd med gjeldande lov- og regelverk.

Frå tale til tekst

Arbeidet med språkteknologiske ressursar er eit viktig språkpolitisk verktøy som sikrar at digitale tenester og programvarer finst på norsk. Nasjonalbiblioteket har fleire språkmodellar til bruk på utstyr som mange verksemder har, både i offentlege institusjonar og i næringslivet. I 2023 har Nasjonalbiblioteket oppnådd betre kvalitet på transkribering frå tale til tekst ved å vidareutvikle modellar frå eksterne miljø. NB Whisper konverterer norsk tale og norske dialektar til normalisert bokmål eller nynorsk. Fleire verksemder har tatt i bruk betautgåva, og det ser ut til at NB Whisper har ei betre forståing av norske dialektar enn liknande tilgjengelege modellar.

Nasjonalbiblioteket har òg trena ein modell for å støtte nordsamisk språk, men denne modellen har så langt for lite data til å yte like godt.



↑ Inngangen til fjellhallane i Mo i Rana, der den norske kulturarven er bevart. Foto: Hans Fredrik Asbjørnsen / Statsbygg.

Fleire oppdaterte språkressursar

Nasjonalbiblioteket samarbeider med Språkrådet om å styrke bruken av norsk i digitale tenester. I 2023 vart ressurskatalogen oppdatert med 16 nye eller oppgraderte ressursar, blant anna NB Uttale og spaCy for nynorsk.

NB Uttale inneheld 800 000 bokmålsord og transkripsjonar til uttale for fem norske dialektområde. På denne måten kan taleteknologiar lære at vestlandske «helde» står til bokmålsordet «holder», og at trønderske «søv» står til ordet «sover». Uttaleleksikonet kan brukast i taleatkjenningsystem og til talesyntese.

SpaCy for nynorsk gir ein grammatisk analyse av tekst og hentar ut namn gjennom namneatkjening. Dette kan til dømes vere nyttig når ein skal undersøkje lesbarheit i eit dokument eller identifisere persondata. Fordi det ikkje har vore kommersiell interesse for dette, har Nasjonalbiblioteket tatt jobben med å bygge modellen med basis i grunnlagsressursane våre.

SAMLINGSUTVIKLING

Pliktavleveringa er grunnpilaren i Nasjonalbiblioteket, og materialet blir i aukande grad samla inn digitalt. I 2023 blei det pliktavlevert 9 231 boktitlar digitalt og 9 453 analogt.


I år starta Nasjonalbiblioteket å samle inn musikkutgivingar som berre finst digitalt. Slik blir òg denne musikken bevart til glede for nye generasjonar. Innhaustinga skjer automatisk, og det første året er det pliktavlevert 29 313 digitale musikkutgivingar i tillegg til 15 952 på CD og vinyl. For å få tilgang til musikken samarbeider Nasjonalbiblioteket med Orchard, ein av dei største digitale distributørane av norsk musikk. Det blir jobba med å få andre distributørar med i ordninga.

Nasjonalbiblioteket samlar ikkje berre inn materiale. Rundt 3 000 kutt vart i 2023 leverte ut til reutgivingar. Det vart blant anna levert kutt til serien *Norske albumklassikere*, som ved inngangen til 2024 har passert 500 utgivingar på CD.



← Nasjonalbiblioteket har lenge bevart og digitalisert fysiske musikkformat. Frå 2024 blir òg musikk som berre er utgitt digitalt, bevart. Foto: Statsbygg / Hans Fredrik Asbjørnsen.

2023
204 689
UTLÅN



Utlån frå Depotbiblioteket til norske bibliotek i 2023. Talet er det største nokon gong og inkluderer 94 836 bokpakkar og fjernlån frå Det fleirspråklege biblioteket.

Nettarkivet

Nasjonalbiblioteket har hausta inn data frå Internett sidan tusenårsskiftet. 100 millionar nettressursar er no fulltekstindekserte.

Nettarkivet leverer data til ulike forskingsprosjekt, og forskarar kan søkje om tilgang. For å få innsikt i kva verdi Nettarkivet kan ha for forskarar og andre sluttbrukarar, involverer Nasjonalbiblioteket brukarane i ein tidleg fase. I år vart det prøvd ut prototypar og hausta erfaring med reelle sluttbrukarar på konferansen *Digital Humanities in the Nordic & Baltic Countries 2023* og seinare på året i samarbeid med forskarar ved Universitetet i Bergen.



← Frå bok til film. Det blir lagt ned mykje jobb i å formidle tilbodet til NLB på nett og i nyheitsbrev. Målet er å vekke leselyst og møte folk der dei er. Her frå ei temasak om bøker som blir til filmar.

TILRETTELAGD LITTERATUR

Nasjonalbiblioteket skal utvikle bibliotektilbodet til alle borgarane i landet. Frå 2023 inkluderer tilbodet òg personar med funksjonsnedsetjingar som gjer det vanskeleg å lese visuell tekst. Første juli vart Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek (NLB) ei teneste frå Nasjonalbiblioteket. Dei førti medarbeidarane vart overførte til den nyoppretta avdelinga for tilrettelagd litteratur.

Oppdraget er, som før, å produsere og låne ut tilrettelagd litteratur som lydbok, e-bok og punktskriftbok. Innlesne lydbøker er mest utlånt. Tidlegare vart dei fleste bøkene lesne inn i studia på NLB, mens ein større del no blir kjøpt inn frå kommersielle tilbydarar.

Brukarvenlege løysingar for utlån og avspeling er svært viktig i ei slik teneste, og kontinuerleg utvikling må til for å gje eit tilbod alle kan bruke. I 2023 er det jobba mykje med å lage sikrere innlogging til tenesta og eit nytt og betre nettbibliotek, i tillegg til å implementere ny designprofil i samband med at NLB skiftar namn neste år.

Nettkurs for tilsette i folkebibliotek

Det er eit mål i den utvida bibliotekstrategien at folkebiblioteka aktivt skal formidle tilbodet til NLB slik at fleire i målgruppa blir lånarar, og eit nettkurs for folkebibliotektilsette blir å finne i kompetansebanken til Bibliotekutvikling våren 2024. Kurset gir ei innføring i kva tilrettelagd litteratur er, kven som kan låne og korleis biblioteka kan gå fram for å inkludere alle når dei jobbar med formidling.

NØKKELTAL FOR NLB

- Tal på lånarar: 72 047
- Samla utlån av tilrettelagd litteratur: 1 567 462
- Utlån av folkebiblioteklitteratur: 1 404 478
- Utlån av studielitteratur: 162 984
- Tilvekst av folkebiblioteklitteratur: 2 122
- Tilvekst av studielitteratur: 597

BIBLIOTEKUTVIKLING

Nasjonalbiblioteket har eit spesielt ansvar for å styrke folke- og fagbiblioteka i Noreg som aktive og aktuelle samfunnsinstitusjonar. Arbeidet er forankra i bibliotekstrategien, *Rom for demokrati og danning*. På oppdrag frå Kulturdepartementet er strategien i år revidert og drøfta med strategisk råd og gjeld no ut 2025.

Nytt i den reviderte bibliotekstrategien er at Nasjonalbiblioteket og biblioteka skal samarbeide for å betre tilgangen til digitalt innhald som aviser, tidsskrift, film og e-bøker. Folkebiblioteka opererer i dag med ulike nettstadar og appar og tilbyr ulikt innhald, noko som fører til store skilnadar for brukarane. Målet er å arbeide fram betre felles digitale løysingar.

→ Det nye Bibliotek kortet gir tilgang til bibliotektenester over heile landet og fungerer som nøkkel i meir opne bibliotek. Foto: Nikolaj Blegvad / Nasjonalbiblioteket.

Tildelinga av prosjekt- og utviklingsmiddel til bibliotekfeltet auka med 5 millionar kroner i samband med den nye strategien. Midla går til lesestimulerande tiltak i biblioteka og blir lyste ut av Nasjonalbiblioteket.

Satsing på digital infrastruktur

Prosjektstøtta til utviklingsprosjekt er eit viktig verkemiddel i den nasjonale bibliotekstrategien. I 2023 fordelte Nasjonalbiblioteket 14,5 millionar kroner i utviklingsmiddel til nyskapande prosjekt i bibliotek over heile landet på tvers av bibliotektypar. Det er gitt støtte til to prosjekt som har bidreg til ein betre digital infrastruktur i norske folkebibliotek.



Rogaland fylkesbibliotek fekk støtte til prosjektet *Felles formidlingsløsning for bibliotekene i Rogaland*. Prosjektet har levert ei felles formidlingsløsning for biblioteka i fylket som er enkel å kjenne att, moderne og med brukarvenlege tenester for publikum.

Vestfold og Telemark fylkesbibliotek fekk støtte til prosjektet *Digin fra teori til praksis*. Prosjektet har levert det nasjonale konsortiet Bibliotek24 som samlar, styrker og effektiviserer biblioteka sine digitale innhaldstenester. Slik blir likare tilgang og betre vilkår sikra, og 305 folkebibliotek og 148 offentlege vidaregåande skolar tilbyr no brukarane sine digitalt innhald gjennom Bibliotek24.

Bibliotekkortet


Det tidlegare nasjonale lånekortet har fått nytt namn og design og heiter no Bibliotekkortet. Kortet gjev

brukarane gratis tilgang til bibliotektenester i heile landet, blant anna tenester som digitale bøker, Film-bib, Filmoteket og andre tenester knytt til brukaren sitt registrerte bibliotek. Kortet er knytte til Folkeregisteret og opplysingane sikra i tråd med personvernforordninga.

Kartlegging av bibliotekbruk

Nasjonalbiblioteket gjennomfører kvartalsvise spørjeundersøkingar i samarbeid med Norstat der vi ser på folk sin bibliotekbruk. Omlag 50 % av befolkninga har nytta bibliotek i 2023, og talet har halde seg jamt gjennom heile året.

↓ Det finst heile 42 format for videolagring i verda, og Nasjonalbiblioteket kan handtere alle. Foto: Marius Nyheim Kristoffersen / Nasjonalbiblioteket.



Det er òg gjennomført undersøkingar som måler tilliten til biblioteka, bruk og forventningar til det digitale tilbodet, synet på biblioteka som arena for offentlig samtale og debatt, kjennskap til lesekampanjen *Sommarles* og kjennskap til tenesta frå avdeling for tilrettelagd litteratur.

KULTURARVDIGITALISERING

Digitalisering av fjernsynsoptak

Nasjonalbiblioteket er eit lokomotiv internasjonalt når det gjeld digitalisering av video. Det var ein stor milepæl då det i 2023 vart sett i drift eit system som automatisk digitaliserer opptak av norske fjernsynssendingar, slik at dei blir bevarte for ettertida. I fjellmagasinet i Mo i Rana finst store mengder dokumentasjonsopptak frå NRK, TV2 og TVNorge. Nasjonalbiblioteket kan no digitalisere 16 videostraumar samtidig, og med løysinga i full drift vil det ta rundt 13 år å digitalisere alle desse opptaka.

Nye fjellhallar med stor lagringsplass

Nasjonalbiblioteket har ansvaret for å digitalisere kulturarvmateriale for arkiv, bibliotek og museum i heile landet. For å få plass til dette og anna materiale er det i samarbeid med Arkivverket bygd to nye fjellhallar i tilknytning til eksisterande anlegg i Mo i Rana. Fjellanlegget som opna i januar, er så stort at det kan romme heile Nidarosdomen. Det samla arealet er 12 000 kvadratmeter, og anlegget har kapasitet til å romme forventa tilvekst dei neste 35 åra.

Dei nye hallane er bygd med høgteknologiske løysingar og har arkivmagasin og digitalt sikringsmagasin der ulike materialtypar blir bevart, slik som papir, film, foto, magnetband og digitale filer. Lågt oksygenivå hindrar at det oppstår brann, og jamn temperatur sikrar at materialet blir bevart under optimale forhold. Teknologien er basert på energieffektive og miljøvenlege løysingar.

DIGITALISERING FOR ABM-INSTITUSJONAR

Nasjonalbiblioteket digitaliserer materiale for andre institusjonar innanfor ABM-sektoren. Her er eit utval institusjonar som har sendt materiale i 2023:

- Arkiv i Nordland
- Billedsamlingen ved Universitetet i Bergen
- Kulturhistorisk museum
- Norsk Folkemuseum
- Romsdalsmuseet
- Sverresborg Trøndelag folkemuseum

Miljøfyrtårn

Nasjonalbiblioteket er sertifisert som miljøfyrtårn. Kvart år blir det utarbeidd ein årleg miljørapport om forhold som avfall, energibruk, innkjøp, sjukefråvær og arbeidsmiljø.

← På open dag i september kunne innbyggjarane besøkje Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana. Foto: Karolina Gorzelanczyk / Nasjonalbiblioteket.


MASSEDIGITALISERINGSPROGRAMMET

Sidan 2006 har Nasjonalbiblioteket jobba kontinuerleg med å digitalisere eiga samling og alle materialtypar.

Frå 2022 er ein stor del materiale frå andre institusjonar inkludert i tala for massedigitalisering.

UTVALDE PRODUKSJONSTAL FRÅ DIGITALISERINGSPROGRAMMET	2021	2022	2023
Bøker – sider	7 227 701	2 178 841	1 850 781
Aviser – sider	7 243 202	7 781 058	1 343 306
Foto	895 540	728 211	438 871
Tidsskrift – sider	1 034 030	4 283 386	4 700 141
Lyd frå trua format – einingar	9 559	10 191	11 134
Film – enkeltbilete* per månad	528 707	382 902	438 573
Arkiv – sider	9 942 332	1 455 637	1 149 530

* Ein gjennomsnittleg film har 18–24 enkeltbilete per sekund.



← Automatlager 3 i fjellhallane i Mo i Rana.
Foto: Jan Inge Larsen / Nasjonalbiblioteket.

UTVALDE NØKKELTAL

DIGITALE TENESTER SOM ER TILGJENGELEGE I HEILE NOREG	2021	2022	2023
Bøker	288 519	292 507	285 188
Aviser – inkludert aviser som er tilgjengelege i norske bibliotek	3 000 273	3 364 791	3 500 945
Tidsskrift	52 438	70 426	126 964

BESØK	2021	2022	2023
Besøk på Nettbiblioteket på nb.no, målt i engasjerte økter*	7 003 567	4 833 127	5 325 526
Podkastavspelingar, digitale arrangement og digital skoleformidling	511 578	635 856	1 430 654
Samla tal for besøkjande på Solli plass	73 628	142 525	185 801
Besøkjande til utstillingar, arrangement og skoleformidling på Solli plass**	17 264	42 787	56 596
Samla publikumstal – digitalt og fysisk***	7 532 409	5 511 770	6 812 776

* Nasjonalbiblioteket har endra trafikkmåling på nettsidene frå økter til engasjerte økter, der brukarane har vore inne i minst ti sekund eller inne på minst to sider. Talet for 2021 er økter etter gammal utrekningsmetode.

** Frå 2023 er skolebesøk inkludert i talet.

*** Fokuset er endra frå besøk til publikum, som inkluderer digital formidling og podkast. Dei oppgitte tala inkluderer *Besøk på Nettbiblioteket på nb.no, målt i engasjerte økter* (2021-talet etter gammal utrekningsmetode), *Podkastavspelingar, digitale arrangement og digital skoleformidling* samt *Besøkjande til utstillingar, arrangement og skoleformidling på Solli plass*.

ARRANGEMENT OG UTSTILLINGAR	2021	2022	2023
Arrangement	130	120	88
Utstillingar og plakatutstillingar for folkebiblioteka	6	7	7

SKOLEBESØK	2021	2022	2023
Fysiske besøk	1 161	4 112	5 480
Digitale produksjonar	13 507	28 453	30 255

Del I Leiarens fråsegn	Del II Introduksjon til verksemd og hovudtal	Del III Aktivitatar og resultat i 2023	Del IV Styring og kontroll i verksemda	Del V Vurdering av framtidsutsikter	Del VI Årsrekneskap
---------------------------	---	---	---	--	------------------------

SAMLING PER 31. DESEMBER 2023

MATERIAL-TYPE	DIGITALISERINGS-VEKST	DIGITAL AVLEVERING TILVEKST	DIGITAL SAMLING	ANALOG TILVEKST	ANALOG SAMLING	EININGS-TYPE
Aviser	139 134	28 095	4 553 169	26 676	5 769 921	Hefte
Bilete	441 305		4 742 460	3 000 000	6 424 753	Tal
Bøker	10 107	15 104	685 457	77 990	3 344 257	Tal
Handskrift og note-manuskript	52 606 sider		1 014 134 sider	9 hyllemeter	8 269 hyllemeter	Sider/Hyllemeter
Filmar	4 079 titlar	4 337 titlar	36 549 titlar	11 165 rullar/kassettar	439 411	Titlar/rullar/kassettar
Kart	43	796	4 395	988	ca. 150 000	Tal
Musikk/lydopptak	11 134	29 313	130 498	15 952	331 125	Utgivingar, band
Notetrykk		41		759	102 856	Tal
Plakatar	498	1 115	23 468	509	135 818	Tal
Postkort		0		504	275 383	Tal
Radio*	22 533	157 263	2 227 479	1 674	277 632	Timar
Småtrykk				18 314	2 858 104	Tal
Tidsskrift	34 742	3 867	138 648	45 595	2 833 697	Hefte
TV*	964	126 555	1 559 191	4	151 996	Timar
Nettdokument		5 463 727 892	38 927 454 045			Tal

Denne tabellen omfattar alt registrert materiale, både norsk og utanlandsk. For enkelte materialtyper er det fleire analoge eksemplar. Det samla talet viser ikkje kor mange unike titlar Nasjonalbiblioteket eig.

* Radio og TV kjem i hovudsak som digitale filer, ikkje som kassettar.

Del I Leiarens fråsegn	Del II Introduksjon til verksemd og hovudtal	Del III Aktivitatar og resultat i 2023	Del IV Styring og kontroll i verksemda	Del V Vurdering av framtidsutsikter	Del VI Årsrekneskap
---------------------------	---	---	---	--	------------------------

SAMLINGSVEKST I 2023

DIGITALT PLIKTAVLEVERT INNHOLD I 2023

MEDIUM	MENGDE
Radio	138 341 timar og 18 922 timar frå distriktskontor i NRK
TV	122 432 timar med TV-sendingar og 4 123 timar frå distriktskontor i NRK
Film	134 titlar
Video	0 titlar registrert
Aviser	28 095 aviser (975 609 sider) frå 225 avistitlar
E-bøker	9 231 titlar
Musikk/lydopptak	29 313 utgivingar

RAPPORT FOR MÅL OG STYRINGSPARAMETRAR FOR 2023

OVERORDNA MÅL 1. NASJONALBIBLIOTEKET SKAL SIKRE OG BEVARE PLIKTAVLEVERT MATERIALE OG ANDRE SAMLINGAR, OG ARBEIDE FOR AUKA BRUK AV OG INTERESSE FOR SAMLINGA.

DELMÅL TIL OVERORDNA MÅL 1	STYRINGSPARAMETER TIL OVERORDNA MÅL 1	AMBISJON	RESULTAT
1.1 Nasjonalbiblioteket skal ta vare på og sikre den publiserte norske kunnskaps- og kulturarven for gjenbruk.	1.1.1 Nasjonalbiblioteket skal samle inn, registrere og gjere tilgjengeleg materiale som er publisert for den norske allmenta uavhengig av medietype og teknologisk plattform.		Oppnådd
	1.1.2 Nasjonalbiblioteket skal oppbevare sikrings-samlinga etter metodar som er internasjonalt anerkjente når det gjeld klima og fysisk sikring.		Delvis oppnådd (1)
	1.1.3 Nasjonalbiblioteket skal arbeide for å komplettere den historiske samlinga.		Oppnådd
1.2 Nasjonalbiblioteket skal gjennom utvikling av nettbiblioteket og aktive formidlings-tiltak styrke interessa for kunnskaps- og kulturarven.	1.2.1 Nasjonalbiblioteket skal jobbe for at bruken (besøket) av nb.no aukar med 5 % jamført med 2022.	Auke besøks-talet med 5 % jamført med 2022	Oppnådd (2)
	1.2.2 Gjennom eit breitt publikumsretta program og utstillingar skal Nasjonalbiblioteket grunnfeste posisjonen sin som møtestad for kulturopplevingar og folkeopplysing.	Halde publikumstalet på same nivå som i 2022	Oppnådd jf. del III

Del I Leiarens fråsegn	Del II Introduksjon til verksemd og hovudtal	Del III Aktivitetar og resultat i 2023	Del IV Styring og kontroll i verksemda	Del V Vurdering av framtidssutsikter	Del VI Årsrekneskap
---------------------------	---	---	---	---	------------------------

DELMÅL TIL OVERORDNA MÅL 1	STYRINGSPARAMETER TIL OVERORDNA MÅL 1	AMBISJON	RESULTAT
	1.2.3 Nasjonalbiblioteket skal formidle historier frå samlinga gjennom å produsere redigert innhald på digitale flater (podcastar og videoar).	Halde produksjonen på same nivå som i 2022	Oppnådd
1.3 Nasjonalbiblioteket skal gjennom samlinga si, formidlingsverktøya sine og fagkompetansen sin vere kjelde og infrastruktur både for eiga og andres forskning og utviklingsarbeid.	1.3.1 Nasjonalbiblioteket skal gjennom auka bruk av den digitale samlinga og utvikling av verktøy for å bruke denne, legge til rette for auka bruk av samlinga som kjeldemateriale.		Delvis oppnådd (3)
	1.3.2 Nasjonalbiblioteket skal tilby forskartjenester som forskarplassar, referansetjeneste, påsynsrom og spesialbibliografar som forskingsmiljøa opplever som relevante og gode.		Oppnådd
	1.3.3 Nasjonalbiblioteket skal delta i og initiere forskingsprosjekt som har fått støtte frå Norges forskningsråd.	Delta i fem prosjekt med stønad frå NFR	Oppnådd
	1.3.4 Nasjonalbiblioteket skal publisere faglege og vitskaplege artiklar og bøker med utgangspunkt i eiga samling og samlingskompetansen.	15 vitskaplege artiklar	Oppnådd
	1.3.5 Nasjonalbiblioteket og Språkrådet skal samarbeide om ei språksatsing som styrker bruken av bokmål, nynorsk og talemål i både offentlege og private digitale tenestetilbod.	Følgje opp ein årleg tiltaksplan i samarbeid med Språkrådet	Oppnådd
	1.3.6 Nasjonalbiblioteket skal styrke Språkbanken med språkressursar som er viktige for utvikling av nynorsk og norske målføre.	Gjere tilgjengeleg minst fem nye ressursar i Språkbanken	Oppnådd
	1.3.7 Nasjonalbiblioteket skal bidra til utvikling av det lokalhistoriske feltet.	Halde bruken av lokalhistorie-wiki.no på same nivå som i 2022	Oppnådd
	1.3.8 Nasjonalbiblioteket skal vere infrastruktur for norsk kulturnærving.		Oppnådd
1.4 Nasjonalbiblioteket skal løyse oppgåvene sine like effektivt som dei beste tilsvarande institusjonane internasjonalt.	1.4.1 Nasjonalbiblioteket skal samanlikne seg med søsterinstitusjonar for å sikre at teknologien og metodikken som blir brukt på digitaliseringsfeltet kan samanliknast med dei beste.		Oppnådd (4)
	1.4.2 Nasjonalbiblioteket skal følgje opp kostnadane i ulike steg i pliktmottaksløypa for å sikre at arbeidsprosessar og materialflyt kan sporast og er optimaliserte.		Oppnådd
	1.4.3 Ein avtalt del av fjernlansbestillingane mot depotbiblioteket skal vere sende ut innan tre døgn.	95 %	Oppnådd
1.5 Nasjonalbiblioteket skal i 2023 jobbe med å kartleggje område for varige kostnadsreduksjonar.	1.5.1 Nasjonalbiblioteket skal i 2023 utarbeide ein ny magasinplan som optimaliserer arealbruk og kostnader. Rapport med forslag til tiltak leggjast fram for KUD ifm. etatsstyringsmøte hausten 2023.	Rapport november 2023	Ikkje oppnådd (5)
	1.5.2 Nasjonalbiblioteket skal i 2023 sjå nærare på korleis arbeid på det bibliografiske området kan forenklast ved bruk av nye arbeidsmetodar. Rapport med forslag til tiltak leggjast fram for KUD ifm. etatsstyringsmøte hausten 2023.	Rapport november 2023	Delvis oppnådd (6)

→

Del I Leiarens fråsegn	Del II Introduksjon til verksemd og hovudtal	Del III Aktivitetar og resultat i 2023	Del IV Styring og kontroll i verksemda	Del V Vurdering av framtidssutsikter	Del VI Årsrekneskap
---------------------------	---	---	---	---	------------------------

OVERORDNA MÅL 2. NASJONALBIBLIOTEKET SKAL MEDVERKE TIL AT BIBLIOTEKSEKTOREN STYRKAST SOM FORMIDLAR AV LITTERATUR, KUNNSKAP OG KULTURARV, OG LEGGJE TIL RETTE FOR AT FOLKEBIBLIOTEK BLIR AKTUELLE OG UAVHENGIGE MØTEPlassar OG ARENAER FOR OFFENTLEG SAMTALE OG DEBATT.

DELMÅL TIL OVERORDNA MÅL 2	STYRINGSPARAMETER TIL OVERORDNA MÅL 2	AMBISJON	RESULTAT
2.1 Nasjonalbiblioteket skal medverke til at norske folkebibliotek utviklar seg som lokale kunnskaps- og kultursenter, og utvikle ein nasjonal infrastruktur for biblioteksektoren.	2.1.1 Nasjonalbiblioteket skal i løpet av 2023 ha kome i gang med aktivitetar i bibliotekstrategien.	20 av 25	Oppnådd
	2.1.2 Nasjonalbiblioteket skal revidere den nasjonale bibliotekstrategien.	Frist 19. april 2023	Oppnådd
	2.1.3 Nasjonalbiblioteket skal i 2023 lansere permanent løysing for gratis metadata for norske bibliotek.	Oktober 2023	Ikkje oppnådd (7)

OVERORDNA MÅL 3. NASJONALBIBLIOTEKET SKAL DIGITALISERE DOKUMENTBASERT 4KULTURARV FRÅ NORSKE ARKIV, BIBLIOTEK OG MUSEUM, OG MEDVERKE TIL AT KULTURARVEN BLIR TILGJENGELEG FOR DET NORSKE FOLK.

DELMÅL TIL OVERORDNA MÅL 3	STYRINGSPARAMETER TIL OVERORDNA MÅL 3	AMBISJON	RESULTAT
3.1 Nasjonalbiblioteket skal vere i operativ produksjon med ABM-digitaliseringa.	3.1.1 Nasjonalbiblioteket skal vere i dialog med eit breitt spekter av ABM-institusjonar om samlingar for digitalisering.	50 institusjonar	Oppnådd. Var i dialog med 79 institusjonar i 2023
	3.1.2 Nasjonalbiblioteket skal ta imot samlingar frå nye institusjonar i 2023.	15 institusjonar	Oppnådd. Tok imot materiale frå 27 nye institusjonar i 2023

- Det aller meste av sikringsamlinga. Det som er oppbevart i sikringsmagasina i Rana og Oslo, tilfredsstiller målsettinga. Nitratmagasinet i Rana tilfredsstiller likevel ikkje desse krava per i dag. Nasjonalbiblioteket har sett i gang eit arbeid saman med Statsbygg for å greie ut moglege løysingar for eit nytt nitratmagasin. Nasjonalbiblioteket har også delar av samlinga på mellomlager i Mo i Rana. Vi har starta ein prosess med å gjennomgå dette materialet og sortere ut det vi skal ta inn i sikringsamlinga. Denne prosessen skal vi fullføre innan utgangen av 2025. Nokre av mellomagera tilfredsstiller målsettinga, mens andre nok ikkje gjer det fullt ut. Etter 2025 skal ingen mellomlager som ikkje tilfredsstiller målsettinga, vere i bruk.
- NB har i løpet av året skifta målemetode. Etter den gamle metoden auka besøkstalet med 6,6 % i 2023. Etter den nye metoden var auken på 10 %.
- Vi nådde i all hovudsak digitaliseringsmåla i 2023. Avvika på einskilde område kjem av at vi i løpet av året reduserte bemanninga i digitaliseringa med 10 stillingar grunna stram økonomi i Nasjonalbiblioteket. Vi digitaliserte færre aviser enn målsettinga. Grunnen er i all hovudsak at fjellmagasinet blei stengt på grunn av høgt radon-nivå. Vi måtte derfor basere digitaliseringa på materiale som kravde manuell digitalisering og dermed var mykje meir ressurskrevjande.
- Nasjonalbiblioteket har brei kontakt med søsterinstitusjonar som jobbar med digitalisering av ulike materialtypar. Fleire av desse har besøkt Nasjonalbiblioteket i løpet av 2023. Vi har også hatt Teams-møte med søsterinstitusjonar ulike stader i Europa der både metodikk og infrastruktur i digitaliseringa har vore tema. Det er ting å lære av måten andre institusjonar jobbar på, men hovudintrykket er at Nasjonalbiblioteket kan samanliknast med dei beste i verda med si industrielle tilnærming til digitaliseringsarbeidet.
- Første utgåve av planen blei presentert på leiarmøtet hausten 2023. Vi jobbar framleis med utdjuping av fleire sider ved planen. Den nye utgåva av magasinplanen vil vi presentere for Kultur- og likestillingsdepartementet hausten 2024.
- Utforskning og iverksetting av nye arbeidsmetodar er gjennomført i 2023 og vil vere ein løpande prosess framover. Vi følger heile tida opp konkrete tiltak frå materialtype til materialtype.
- Både Bokbasen og Biblioteksentralen, som er aktørane på dette feltet i tillegg til Nasjonalbiblioteket, har gjort ting med arbeidsprosessane og produkta sine som vil påverke moglegheitsrommet for løysinga. I løpet av 2024 vil vi gjennom ein ny anbudsrunde etablere ei løysing som erstattar dagens modell.



DEL IV

STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

Nasjonalbiblioteket bruker mål- og resultatstyring som grunnleggande styringsprinsipp. Nasjonalbiblioteket viser til at den samla måloppnåinga er god.

Nasjonalbiblioteket gjennomfører risikoanalysar for handlingsplanen og for store satsingar. Det er eit overordna mål at det ikkje skal knyte seg vesentleg risiko til gjennomføring av samfunnsoppdraget.

I 2023 har verksemda framleis oppbygging knytt til oppdraget om å utvide aktiviteten i Mo i Rana. Nasjonalbiblioteket arbeider målretta med å utvikle effektive produksjonsløyper og digitale verdikjeder. I løpet av 2023 er det etablert fleire tverrfaglege utviklingsteam som består av personar med fagkompetanse på innhald og tekniske IKT-utviklarar. Dette skaper større kontinuitet og sterkare eigarskap til den samla oppgåveløysinga

innanfor dei respektive områda og reduserer risikoen for tenestesvikt. Bygginga av nye lokale er i rute. Planlagd overlevering er sommaren / tidleg haust 2024.

Når det gjeld vurderingar av trusselbiletet, baserer dei interne vurderingane til Nasjonalbiblioteket seg på det trusselbiletet som PST (Politiets sikkerhetstjeneste) og NSM (Nasjonal sikkerhetsmyndighet) presenterer. I tillegg innhentar vi vurderingar om kriminalitet som politiet presenterer i STRASAK-rapporten. Nasjonalbiblioteket har sett i verk ein prosess der oppdraget er å arbeide systematisk med å utvikle system for internkontroll og risikostyring og følge opp desse.

Vi følger opp ressursbruk og effektivitet mellom anna gjennom arbeidsplanar og konkrete produksjonsmål. Vi arbeider òg målretta med risikostyring som ein integrert del av verksemdsstyringa. Alle større satsingar, inkludert

bibliotekstrategien, blir gjennom året følgde tett opp i leiarmøte. Vi reviderer og risikovurderer planane med tanke på måloppnåing.

NÆRARE OMTALE AV STYRING OG KONTROLL

Nasjonalbiblioteket gjennomfører årleg detaljerte budsjettgjennomgangar på alle nivå i verksemda. Føringane ved årlege rammer for tildelingar blir implementerte i planar og budsjett. Ved inngangen til året gjennomfører vi intern styringsdialog med alle direktørar. Etter denne blir kvar einskild avdelingsdirektør tildelt rammer og fullmakter. Dette skjer gjennom *Internt disponeringskriv*, som blir følgt opp gjennom månadlege rapporteringar.

Rekneskapsføring

Verksemda fører rekneskap etter SRS. Vurderinga er at oppfølginga av rekneskapsrapporteringa gir eit påliteleg nok grunnlag for styring og vedtak.

Konsulentbruk

Nasjonalbiblioteket nyttar i svært liten grad konsulentar der det ligg til rette for å nytte egne ressursar. Konsulentdelen av driftskostnader i driftsåret 2023 var på 0,3 %. Konsulentbruken i Nasjonalbiblioteket er avgrensa til prosjektstøtte/prosjektleiing ved innføring av store nye IKT-løysingar. Som det går fram av ressursbruken, er det ei målsetting å avgrense konsulentbruken til eit minimum.

Nasjonalbiblioteket nyttar ikkje tenester frå kommunikasjonsbransjen.

Desentralisert arbeid

Store delar av verksemda til Nasjonalbiblioteket er produksjonsretta, noko som gjer det umogleg å nytte desentralisert arbeid. Størstedelen av dei produksjonsretta

oppgåvene ligg i Mo i Rana. Verksemda i Oslo er i stor grad knytt opp mot betening av publikum gjennom lesesalar, forskartilgang til privatarkiv og fysiske arrangement på Solli plass. Heller ikkje dette er oppgåver som eignar seg for desentraliserte løysingar. Dei siste 20 åra har veksten i talet på arbeidsplassar vore kraftigare i Mo i Rana enn i Oslo, og dette er ei utvikling vi forventar vil halde fram dei neste åra. Først og fremst som følge av kapasitetsutvidingar i samband med ABM-digitaliseringa.

Lærlingar

Nasjonalbiblioteket hadde tre lærlingar i 2023. Alle tre har læringsløpet sitt innanfor IT-relaterte fag. Nasjonalbiblioteket arbeider med oppretting av lærlingplassar innanfor andre fag. Det er ein ambisjon at verksemda skal kunne auke talet på lærlingar. Arbeidet tar noko tid då nokre fagområde har fått endra fagkrav (fotografaget), mens andre er til fagutgreiing.

Aktivitets- og forklaringsplikt

Nasjonalbiblioteket legg vekt på å oppfylle den pålagde aktivitetsplikta og følger opp alle tilsettingsprosessar basert på lovpålagde krav og tilrådingar. Dette gjeld innanfor alle område som er framheva i regelverket, mellom anna arbeid for å fremje integrering, mangfald og likestilling. Vi legg særleg vekt på å inkludere personar med funksjonsnedsetjing og hindre diskriminering av utsette grupper.

Verksemda er særleg opptatt av å fremje likestilling og unngå diskriminering. Som tiltak innanfor aktivitetsplikta arbeider Nasjonalbiblioteket målretta med analysar som baserer seg på nøkkeltal frå tilsettmassen, for å minimere eventuelle diskrimineringsgrunnlag. Dette gjer vi mellom anna ved hjelp av kartlegging, prosedyrar, revisjon av internkontrollar og medarbeidarundersøkingar:

- Kartlegging – samanstilling av personaldata. Verksemda følger utviklinga tett for mellom anna:

- kjønnsfordelinga i verksemda
- lønnsforhold – kan òg brytast ned på kjønn, alder, stillingskodenivå, lokasjon og avdeling
- arbeidstid (heiltid, deltid og overtid)
- fråvær – statistikk for foreldrepermisjonar, sjukefråvær, fråvær på grunn av sjukt barn – også pandemirelatert etc.
- oversikt over uttak av personalpolitiske satsingar, til dømes seniorpolitiske tiltak og kompetanse-tiltak

Data som kjem fram i slike kartleggingar, blir òg gått gjennom i forum for medråderett (IDF).

Som tabellen ovanfor viser, er det lønnsmessige likestillingsarbeidet på plass. Det er nokre få unntak der årsaksforholda er kjende, og verksemda arbeider vidare med desse.

- Prosedyrar – i verksemdsprosedyrane for tilsettingar ligg det tilrådingar om korleis stillingsutlysingar skal utformast. Vi gjennomgår prosedyrane jamleg med alle leiingar.
- Verksemda gjennomgår mål om inkludering regelmessig i det interne personalleiarforumet.
- Revisjonar av internkontrollar – vi utfører jamlege gjennomgangar av verksemdsprosedyrane, også med tanke på om dei fungerer for ulike grupper tilsette og arbeidssøkarar, til dømes personar med nedsett funksjonsevne.
- Medarbeidarundersøkingar – medarbeidarundersøkingar gjennomfører vi kvart andre år.

Nasjonalbiblioteket planlegg to aktivitatar i samband med dei utvida krava:

1. Vi arbeider med ein modell for å risikoanalysere områda diskriminering, mangfald og likestilling. Denne modellen dannar, saman med kartlegging av nosituasjonen, grunnlag for eventuelle nye tiltak.
2. I Nasjonalbiblioteket er ikkje talet på deltidsstillingar høgt. I hovudsak dreier det seg om tilretteleggingar. Vi greier likevel ut korleis vi kan vareta aktivitetspliktene overfor dei arbeidstakarane det gjeld. Mellom anna har vi utført spørjingar blant dei deltidstilsette om eventuell interesse for endra stillingsbrøk.

HMS/arbeidsmiljø

Nasjonalbiblioteket har ein svært stabil tilsettmasse. Det er lite uønskt gjennomtrekk, og den gjennomsnittlege pensjonsalderen er svært høg (over 68 år). Det er no særleg viktig at verksemdene ved nyrekrutteringar legg stor vekt på å rekruttere personale med kompetanse som kan dekke utfordringar og behov i åra som kjem, framfor å kopiere gårdagens kompetanse.

Mange av dei tilsette har produksjonsoppgåver som fører til ein statisk arbeidskvardag. Difor legg vi stor vekt på tiltak for å motverke uønskede effektar av dette. Jobbrotasjon fungerer godt i enkelte seksjonar. Vi har dessutan gjennomført mindre organisasjonsjusteringar for å sikre oppfølging av dei tilsette. Verksemda har òg i fleire år tilbydd tilrettelagd pausetrim i form av korte treningsøktar. Det er bedriftshelsetenesta som organiserer pausetrimmen.

Ved einskilde arbeidsprosessar bruker vi kjemikaliar som inneber ein potensiell helserisiko. I regi av AMU er risikoanalysen for dette arbeidet følgd opp i 2023, og handlingsplanen er oppdatert. Vi har mellom anna etablert digitale register for alle produktblad knytte til kjemikaliar der det kan førekome ein helserisiko. I regi av bedriftshelsetenesta held vi fram med målretta

oppfølging av risikoutsett personell. Risikoanalysane våre blir reviderte i 2024.

Mangfald

Nasjonalbiblioteket er òg eit samfunnsinstrument for å fremje mangfald. Dette kjem òg til syne i formidlingsprogrammet som blir presentert i kulturkvartalet på Solli plass og i digitale flater. Sjå òg del III av årsrapporten.

Klima og miljø

På same måte som innanfor mangfald er Nasjonalbiblioteket eit samfunnsverktøy for å nå klima- og miljømål. Det at Nasjonalbiblioteket satsar på digital formidling og kunnskapsdeling, kan knytast til fleire av måla. Dei digitale formidlingsprogramma som vi tilbyr utdanningssektoren, er døme på dette.

Vidare nyttar vi tilgjengeleg teknologi for å redusere reiseverksemda mellom dei to lokasjonane Oslo og Mo i Rana. Dette har gitt konkrete resultat i form av færre jobbreiser. Det auka digitale tenestetilbodet, og spesielt den digitale tilgangen til heile samlinga for forskarar som den nye pliktavleveringslova har opna for, reduserer reisebehovet for ei stor gruppe menneske utanfor institusjonen.

Den nasjonale bibliotekstrategien *Rom for demokrati og danning løfter fram berekraftsmåla*

Dei 17 hovudmåla og 169 delmåla tar for seg ulike sektorar og grupper, der biblioteka er viktige bidragsytarar. Biblioteka ligg i skjæringspunktet mellom kultur, utdanning og livslang læring, folkehelse og sosialt arbeid. Dette gir eit godt utgangspunkt for å jobbe aktivt med berekraftsmåla. Med 24 millionar besøkande berre i folkebiblioteka har biblioteksektoren ei unik moglegheit til å nå befolkninga med kunnskap om 2030-agendaen.

Difor legg ein stor vekt på berekraftsmåla når ein lyser ut prosjektmidlar til biblioteka.

Det er vidare etablert eit forsøksprosjekt ved Nasjonalbiblioteket for å forske på moglege energiinnsparingar ved langtidslagring av materiale. Forsøket går ut på å redusere tida klimaanlegg er aktive. Her forskar ein på effektar som knyter seg til endringar i inneklima som følge av kortare avstenging av klimaanlegg. Hensikta med prosjektet er å finne ut om det er mogleg å spare energi i klimaregulerte lokale. Dette er eit fleirårig prosjekt.

Sjukefråvær

Nasjonalbiblioteket har som mål at sjukefråværet samla sett ikkje skal vere over 6,2 %. Dei siste åra før pandemien var fråværet stabilt lågare enn måltala. Gjennom pandemien var fråværet høgare enn måltalet, med ein topp i 2022 der det hadde økt til 9,5 %. Auken gjeld både for legemeldt og eigenmeldt fråvær. Det legemelde fråværet var på 3,6 % i 2021 og 4,6 % i 2022. I 2023 har verksemda hatt ei særskild satsing på fråværsoppfølging frå leiar og av leiarar. Sjukefråværet enda på 6,17 % i 2023, med eit legemeldt fråvær på 3,88 %. Det er svært gledelig at det totale sjukefråværet er lågare enn måltalet igjen.

Språklov

Verksemda har i løpet av 2023 sett fokus på systematisk språkarbeid. Leiargruppa får rapportar om korleis vi varetar pliktene i språklova. Dette for å sikre forankring og fokus med sikte på å overhalde nynorskandelen.

Arkiv

Nasjonalbiblioteket har sett i verk fleire tiltak i 2023 for å forsterke og forbetre arbeidet med journalføring, arkivtilfang og dermed auka dokumentoffentlegheit. Vi arbeider med å revidere prosedyrane våre. Samtidig

innfører vi elektronisk signatur som forbetnings- og effektiviseringstiltak.

Sikkerheit og beredskap

Departementet har etablert ein praksis der god informasjonssikkerheit er eit fast oppfølgingspunkt i styringsdialogen. Nasjonalbiblioteket har via LISF (leiinga sitt informasjonssikkerheitsforum) oppretta ei eiga gruppe, ISF (informasjonssikkerheitsforum). ISF har som oppgåve å følge opp sikkerheita i verksemda. Grappa følger opp sikkerheitsplanen til leiinga både innanfor informasjonssikkerheit og fysisk sikring gjennom året og rapporterer tilbake til leiinga.

Verksemda har rekruttert personell med svært høg sikkerheitskompetanse innanfor det digitale feltet. Metodikken for risikoanalysar og sikring er dermed til revisjon.

Forvalting av spelemidlar

Kultur- og likestillingsdepartementet gav i 2023 eit tilskot på 54,7 millionar kroner. Nasjonalbiblioteket fekk i oppdrag å forvalte midlane til prosjekt og utviklingstiltak på bibliotekfeltet. Inntil 10 % av summen, det vil seie inntil 5,4 millionar kroner, blei disponert til Nasjonalbiblioteket si forvalting av midlane. Tilskotsmidlane blei nytta til ordningar med sikte på å stimulere utvikling av norske folke- og fagbibliotek. Midlane blir løyvde etter søknad. Forvaltinga inneheld òg kontrolloppgåver med rekneskapsføring og rapportering overfor tilskotsmottakarar.

LIKESTILLING

KJØNNBALANSE (ANTAL)		MELLOMBELS TILSETTE (ANTAL)		FORELDREPERMISJON (SNITT ANTAL VEKER)		DELTIDSTILSETTE (ANTAL)	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
288	280	10	9	11,1	8,9	32	13

	ANTAL	MENN	KVINNER	LØNN
Totalt i Nasjonalbiblioteket	568	280	288	93,3 %
9221 Nasjonalbibliotekar	1	1	0	
1062 Direktør	1	1	0	
1183 Forskar	2	1	1	113,0 %
1060 Avdelingsdirektør	12	9	3	97,7 %
1181 Senioringeniør	30	13	17	95,9 %
1011 Førsteamanuensis	52	47	5	91,3 %
1364 Seniorrådgivar	27	14	13	100,1 %
1087 Overingeniør	22	21	1	89,0 %
1077 Hovudbibliotekar	32	10	22	102,6 %
1515 Spesialbibliotekar	31	5	26	99,9 %
1434 Rådgivar	112	56	56	103,6 %
1083 Ingeniør	4	2	2	104,0 %
1410 Bibliotekar	27	5	22	100,6 %
1065 Konsulent	97	52	45	99,1 %
1010 Amanuensis	2	0	2	
1408 Førstekonsulent	6	0	6	
1132 Reinholdsleiar	1	0	1	
1203 Fagarb. m/fagbrev	3	0	3	
1130 Reinholdar	1	0	1	
1117 Fagarbeidar	4	0	4	

Lønn: Tala i kolonnen viser kvinner si gjennomsnittslønn i % av mennene si gjennomsnittslønn. Der kolonnen er tom, er det berre eitt kjønn som er representert i stillingstypen.





DEL V

VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

Nasjonalbiblioteket er rusta for vidare drift.

Dei økonomiske rammene slik dei er tildelte over statsbudsjettet 2023, gjer Nasjonalbiblioteket i stand til å oppfylle dei pliktene som vi er pålagde gjennom lov om pliktavlevering, tildelingsbrev og andre føringar frå Kultur- og likestillingsdepartementet.

Tilpassing av drifta til noko reduserte rammer var hovudsatsinga i 2023. Innfasinga av NLB, opning av nye fjellhallar, bygging av nytt automatlager III og nytt medielaboratorium, i tillegg til det utvida oppdraget knytt til digitalisering for ABM-sektoren, har òg vore svært viktig for prioriteringane i Nasjonalbiblioteket. I tillegg til dette

har verksemda framleis fleire større satsingar som vil prege arbeidet i åra som kjem: implementering av den nye pliktavleveringslova på permanent basis, konsekvensvurderingar av samanhengen mellom tekstkorpus og generative KI-modellar, vidareføring av formidlingssatsinga og språksatsinga i samarbeid med Språkrådet.

Bibliotekstrategien (2020–2024/2025). Bibliotekstrategien kjem òg til å prege arbeidsoppgåvene til Nasjonalbiblioteket både i 2024 og 2025.

Eitt vilkår for at Nasjonalbiblioteket skal kunne tilby tenester på dagens nivå, er at rammene slik dei er i 2023-budsjettet, ikkje blir ytterlegare reduserte.



DEL VI

ÅRSREKNESKAP

KOMMENTARAR FRÅ LEIINGA TIL ÅRSREKNESKAPEN 2023

Formål

Nasjonalbiblioteket er eit bruttofinansiert statleg forvaltingsorgan under Kulturdepartementet. Nasjonalbiblioteket fører rekneskap etter statleg rekneskapsstandard (SRS). I tillegg følger vi kontantprinsippet. Årsrekneskapen utgjer del VI i årsrapporten til Kulturdepartementet.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagd i samsvar med reglar om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Kultur- og likestillingsdepartementet i instruks om økonomistyring. Vi meiner at rekneskapen gir eit dekkande bilete av dei disponible løyvingane, kostnader, inntekter, egedelar og gjeld.

VURDERING AV VESENTLEGE FORHOLD

Oppstilling av løyvsrapportering for rekneskapsåret 2023

Løyvsrapporteringa viser at dei samla løyvingane i 2023 har vore 938 millionar kroner inklusive overføringer frå året før. Av desse høyrer 98 millionar kroner til post 80, og 75 millionar kroner er investeringar.

I tillegg er det løyvd inntil 31 millionar kroner på post 21. Dette er midlar som kan brukast til å utvikle og drive fellestenester og felles infrastruktur på oppdrag frå departementet.

Verksemda er tilpassa tildelte løyvingar, og den rekneskapsmessige statusen er følgd opp kontinuerleg med rapportering frå avdelingane og oversyn over interne

budsjettdisposisjonar. I samsvar med den periodiserte rekneskapen (sjå resultatoppstilling og balanseoppstilling) er årets resultat på kr 0.

Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek blei per 30.06.2023 overdradd til Nasjonalbiblioteket etter avgjerd frå Kultur- og likestillingsdepartementet. Endringar i løyvinga for budsjettåret 2023 kjem fram i tildelingsbrevet til Nasjonalbiblioteket.

Følgande føringar blei varetatt i verksemdsoverdraginga:

- Rekneskapen til Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek for 2023 blei avslutta per 30.06.2023.
- Budsjett og tildeling for Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek inngår som ein del av budsjettet til Nasjonalbiblioteket frå 01.07.2023.
- Alle tilsette i Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek blei overførte til Nasjonalbiblioteket i lønssystemet SAP per 30.06.2023.
- Arkiv og IKT for tidlegare Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek blei avslutta/overført.

Post 01 Drift viser eit mindreforbruk på 12,4 millionar kroner. Nasjonalbiblioteket har ei mindreinntekt på post 01 på 0,7 millionar kroner. Samla mindreforbruk på post 01 er 13,1 millionar kroner. Nasjonalbiblioteket har dermed hatt eit driftsforbruk som har vore om lag 3 millionar kroner høgare enn tildelt ramme eksklusive overføringar frå 2022. Dette skuldast i hovudsak det følgande:

1. Vi har hatt eit høgt planlagt og gjennomført aktivitetsnivå.
2. Vi fekk enkelte store leveransar knytte til Landslovjubileet 2024 levert noko tidlegare enn venta. Nokre av kostnadene knytte til dette blei dermed belasta i 2023.

Maks overførbart beløp er avgrensa til 5 % av løyvinga for heile posten, jf. reglane i løyvingreglementet og det årlege rundskrivet om overførbare løyvingar. For Nasjonalbiblioteket ligg ikkje mindreforbruket over denne grensa.

Nasjonalbiblioteket har eit mindreforbruk på kapittel/post 032621 og 332602 på 11,3 millionar kroner totalt sett for utgifter og inntekter. Det har vore eit mindreforbruk på 11,2 millionar kroner på post 21 og ei meirinntekt på 0,17 millionar kroner. Nasjonalbiblioteket har nytta den disponible ramma si med omsyn til meirinntektsfullmaktene i tildelingsbrevet av 26.01.2023. Post 21 står i relasjon til inntektene under kapittel 3326 post 02. Posten har to hovudelement:

1. Nasjonal bibliotekstrategi. Tildelt løyving og dei overførte midlane finansierer denne satsinga. Her er det nokre prosjekt som er delvis forseinka, og nokre oppgåver som er flytta til 2024.
2. Midlar innhenta frå private sponsorar som til dømes Sparebankstiftelsen. I 2023 blei Nasjonalbiblioteket tildelt 15 millionar kroner til kjøp og digitalisering av ei samling. Frikjøp av samlinga og digitalisering av delar av denne var prisa til 9 millionar kroner i 2023, som blei betalte ut frå stiftinga. Som følge av radonproblem i Nasjonalbiblioteket sin fjellhall i Mo i Rana kunne ikkje materiale hentast ut for digitalisering. Dette gjer at det er eit etterslep av kostnader knytt til prosjektet.

Artskontorrapporteringa viser at netto rapporterte driftsutgifter er 696,6 millionar kroner i 2023. Utbetalingar til lønn og sosiale utgifter kom på 393,3 millionar kroner i 2023, mot 357,4 millionar kroner i 2022. I hovudsak skuldast dette at vi tok over 40 medarbeidarar i samband med verksemdsoverdraginga av Norsk lyd- og

blindeskriftbibliotek. Lønnsoppgjeret i 2023 spelte også inn. Andre utbetalingar til drift, i hovudsak husleigekostnader, kom på 352,9 millionar kroner i 2023, mot 344,4 millionar kroner i 2022. I hovudsak skuldast dette auka kostnader til lokale, også fordi Nasjonalbiblioteket tok over husleige og andre driftskostnader frå Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek. I tillegg var gjennomsnittleg KPI for 2022–2023 på 5,5 %.

Investeringsutgifter viser 29 millionar kroner i 2023, mot 61,2 millionar kroner i 2022. Årsaka var at vi i hovudsak har hatt lågare kostnader til oppgraderingar av bygningar og tekniske anlegg, og dessutan lågare kostnader til digital plattform og digitalt utstyr. I tillegg fekk vi ein kreditnota på 6,2 millionar kroner for bygningar. Det var kostnader som høyrde til 2022, men som leverandøren først sende Nasjonalbiblioteket kreditnota på i 2023.

Det blei i 2023 løyvd 98,3 millionar kroner til post 80. Heile løyvinga er brukt, med unntak av 2490 kroner, noko som skuldast ei korrigerings. For rekneskapsåret 2023 blei det tildelt 54,7 millionar kroner i satsingsmidlar – spelemidlar. Av desse er 5,4 millionar kroner brukte til å administrere ordninga – i hovudsak lønnsmidlar til saksbehandling i samband med tildelingar. Det er i tillegg brukt midlar til administrative kostnader innanfor rekneskap og revisjon.

Tilleggsopplysingar

På oppdrag frå Kulturdepartementet har Nasjonalbiblioteket forvalta spelemidlar til prosjekt- og utviklingstiltak innanfor bibliotekfeltet. Midlane kjem frå speleoverskot til Norsk Tipping AS, og utgjorde 54,7 millionar kroner i 2023. Rekneskapen for midlane blir ført på eige firma. Spelemidlar er ikkje ein del av rekneskapen til Nasjonalbiblioteket, og denne rekneskapen blir ikkje revidert av Riksrevisjonen, men av ein privat revisor.

Riksrevisjonen er ekstern revisor og godkjenner årsrekneskapen for Nasjonalbiblioteket. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato, men revisjonsmeldinga er venta å vere klar i 1. tertial 2024. Rapporten er unntatt offentleg innsyn fram til Stortinget har fått Dokument 1 frå Riksrevisjonen, men vil bli publisert på Nasjonalbiblioteket sine nettsider så snart dokumentet er offentleg.

Oslo, 15.03.2024

Aslak Sira Myhre

DIREKTØR, NASJONALBIBLIOTEKET

PRINSIPPNOTE TIL ÅRSREKNESKAPEN

Årsrekneskapen for statlege verksemdar er utarbeidd og avlagd etter nærare retningslinjer som er fastsette i reglane om økonomistyring i staten («reglane»). Årsrekneskapen samsvarer med krava i punkt 3.4.1 i reglane, nærare reglar i Finansdepartementet sitt rundskriv R-115 av desember 2022 og eventuelle tilleggskrav som er fastsette av overordna departement.

Kultur- og likestillingsdepartementet avgjorde at Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek skulle bli ein del av Nasjonalbiblioteket frå 1. juli 2023. Dette innebar at verksemda Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek blei lagd ned frå 1. juli, og at Nasjonalbiblioteket gjennom ei verksemdsoverdraging tok over medarbeidarar, lokale, ansvar, oppgåver og plikter frå Norsk lyd- og blindeskriftsbibliotek.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i punkt 3.4.2 i reglane – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen:

- Rekneskapen følger kalenderåret.
- Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.
- Utgifter og inntekter er førte med bruttobeløp i rekneskapen.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krava i punkt 3.5 i reglane, om korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er tilknytt staten si konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krava i punkt 3.7.1 i reglane. Bruttobudsjetterte verksemdar får ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved slutten av året blir saldoen på kvar einskild oppgjerskonto nullstilt ved overgangen til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser beholdningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Oppstillinga skjer etter dei kapitla og postane i løyvingsrekneskapen som verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen Samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigedelar og forpliktingar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Mottatte fullmakter til å belaste kapitlet/posten til ei anna verksemd (belastingsfullmakter) står ikkje i kolonnen for samla tildeling, men er omtalte i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene som knyter seg til mottatte belastingsfullmakter, er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen, og står i kolonnen for rekneskap.

Belastingsfullmakter vi har gitt, er inkluderte i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Belastingsfullmakter vi har gitt, blir bokførte og rapporterte av verksemda som har fått belastingsfullmakta, og står difor ikkje i kolonnen for rekneskap. Slike fullmakter kjem fram av note B til løyvingsoppstillinga.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar, og ein nedre del som viser eigedelar og gjeld som inngår i mellomvære med statskassen. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Verksemda har ein trekkrett på konsernkontoen i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte, og dei står difor ikkje som inntekt i oppstillinga.

Rekneskapstal i løyvings- og artskontorrapportering med notar viser rekneskapstal som er rapporterte til statsrekneskapen. I tillegg viser noten til artskontorrapporteringa *Oversikt over mellomvære med statskassen* bokførte tall frå verksemda sin kontospesifikasjon i kolonnen *Spesifisering av bokført avrekning med statskassen*. Notene viser skilnaden mellom beløp verksemda har bokført på eigedels- og gjeldskontoar i kontospesifikasjonen til verksemda (inkludert saldo på kunde- og leverandørreskontro), og beløp verksemda har rapportert som fordringar og gjeld til statsrekneskapen, og som er ein del av mellomværet med statskassen.

Verksemda har innretta bokføringa slik at ho følger krava i reglane om økonomistyring i staten. Dette inneber at alle opplysingar om transaksjonar og andre rekneskapsmessige disposisjonar som er nødvendige for å utarbeide pliktig rekneskapsrapportering, jf. punkt 3.3.2 i reglane, og spesifikasjon av pliktig rekneskapsrapportering, jf. punkt 4.4.3 i reglane, er bokførte. Reglane krev mellom anna utarbeiding av kundespesifikasjon og leverandørspeifikasjon. Dette medfører at sals- og kjøpstransaksjonar blir bokførte i kontospesifikasjonen på eit tidlegare tidspunkt enn dei blir rapporterte til statsrekneskapen, og omfattar kundefordringar og leverandørgjeld i kontospesifikasjonen.

PRINSIPPNOTE II TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR NASJONALBIBLIOTEKET

Rekneskapsprinsipp for bruttobudsjetterte verksemdar

Verksemdsrekneskapen er avlagd i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Verksemdsrekneskapen er sett opp i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Opningsbalanse

Nasjonalbiblioteket har utarbeidd verksemdsrekneskapen etter SRS i meir enn to rekneskapsår, og kan i prinsippet velje å ta ut omtalen av opningsbalansen dersom denne ikkje er vesentleg for forståinga av verksemdsrekneskapen. Likevel vel vi for 2023 å kommentere opningsbalansen, då Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek blei verksemdsoverdradd til Nasjonalbiblioteket per 30.06.2023, og balansen blei overført til Nasjonalbiblioteket.

Kommentarar for endringar i samanlikningstal

Då Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek blei avvikla per 30.06.2023, blei eigedelane overførte til Nasjonalbiblioteket, som fører rekneskap etter periodiseringsprinsippet i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS). Som ei følge av dette etablerte Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek ein balanse som viser eigedelane og gjelda til verksemda per 30.06.2023 i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane.

Ved utarbeiding av opningsbalansen blei det gjort ei rekke vurderingar av eigedelar og gjeldspostar. Balansen er utarbeidd etter dei statlege rekneskapsstandardane (SRS) og det tilhøyrande rettleiingsmateriellet som er utarbeidd av Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ). Dette er dokumentert i eige dokumentasjonsnotat ved etablering av balansen.

For statens kapital og gjeld er det beløp som er avrekna med statskassen, i tillegg til noko kortsiktig gjeld som vil påverke balansen til Nasjonalbiblioteket ved overdraginga av Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek.

Ved utarbeiding av opningsbalansen er immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel verdsette til attkjøpsverdi eller verkeleg verdi. Attkjøpsverdien for ein eigedel er det beløpet det vil koste dersom eigedelen skulle kjøpast i dag, vurdert til same kvalitet, standard og funksjonalitet som den eksisterande eigedelen. Omløpsmiddel er verdsette til attkjøpsverdien eller den verkelege verdien. Kortsiktig gjeld er verdsett til pålydande.

Notatet og tilhøyrande dokumentasjon er sendt til DFØ per 30.06.2023.

Transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjonar er resultatførte til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekt blir resultatført når ho er opptent. Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet der overføring av risiko og kontroll er overført til kjøparen. Sal av tenester blir inntektsført i takt med utføringa.

Inntekter frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar

Inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar blir resultatført etter prinsippet om motsett samanstilling. Dette inneber at inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar blir resultatført i takt med utføringa av aktivitetane som blir finansierte av desse inntektene, det vil seie i same periode som kostnadene kjem (motsett samanstilling).

Bruttobudsjetterte verksemder har ei forenkla praktisering av prinsippet om motsett samanstilling ved at inntekt frå løyvingar blir rekna som differansen mellom

kostnadene for perioden og opptente transaksjonsbaserte inntekter og eventuelle inntekter frå tilskot og overføringar til verksemda. Ein konsekvens av dette er at resultatet av aktivitetane for perioden blir null.

Kostnader

Utgifter som gjeld transaksjonsbaserte inntekter, blir kostnadsførte i same periode som tilhøyrande inntekt.

Utgifter som blir finansierte med inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar, blir kostnadsførte i same periode som aktivitetane er gjennomførte og ressursane er forbrukte.

Pensjonar

SRS 25 Ytingar til tilsette legg til grunn ei forenkla rekneskapsmessig tilnærming til pensjonar. Statlege verksemder skal ikkje balanseføre netto pensjonsforpliktingar for ordningar til Statens pensjonskasse (SPK). Nasjonalbiblioteket resultatfører arbeidsgivardelen av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon blir kostnadsført som om pensjonsordninga i SPK var basert på ein innskotsplan.

Frå 2022 har SPK lagt om pensjonspremiemodellen for statlege verksemder. Frå 1. januar 2022 betalar Nasjonalbiblioteket ein verksemdsspesifikk hendingsbasert arbeidsgivardel som del av pensjonspremien. At premien er verksemdsspesifikk, betyr at han blir rekna ut basert på forholda ved kvar einskild verksemd, ikkje for grupper av verksemder samla. At han er hendingsbasert, betyr at han tar omsyn til dei faktiske hendingane i medlemsbestanden i verksemda, slik at premiereserven er å jour med oppteninga til medlemen. Medlemsdelen på to prosent av lønnsgrunnlaget er uendra.

Leigeavtalar

Nasjonalbiblioteket har valt å bruke forenkla metode i SRS 13 om leigeavtalar, og vi klassifiserer alle leigeavtalar som operasjonelle leigeavtalar.

Klassifisering og vurdering av anleggsmiddel

Anleggsmiddel er varige og betydelege eigedelar som Nasjonalbiblioteket disponerer. Med varige eigedelar meiner ein eigedelar med ei utnyttbar levetid på 3 år eller meir. Med betydelege eigedelar meiner ein eigedelar med ein innkjøpskostnad på 50 000 kroner eller meir. Anleggsmiddel er balanseførte til innkjøpskostnad med fråtrekk for avskrivningar.

Kontorinventar og datamaskiner (PC-ar, serverar m.m.) med utnyttbar levetid på 3 år eller meir er balanseførte som eigne grupper.

Varige driftsmiddel blir skrivne ned til verkeleg verdi ved endra bruk eller utnytting, dersom verkeleg verdi er lågare enn balanseført verdi.

Eigenutvikling av programvare

Kjøp av bistand til utvikling av programvare er balanseført. Nasjonalbiblioteket har ikkje utgifter som gjeld bruk av eigne tilsette knytt til applikasjonsutviklingsfasen ved utvikling av programvare.

Klassifisering og vurdering av anleggsmiddel

Anleggsmiddel er varige og betydelege eigedelar som verksemda disponerer. Med varige eigedelar meiner ein eigedelar med ei utnyttbar levetid på 3 år eller meir. Med betydelege eigedelar meiner ein eigedelar med ein innkjøpskostnad på 50 000 kroner eller meir. Anleggsmiddel er balanseførte til innkjøpskostnad med fråtrekk for avskrivningar.

Kontorinventar og datamaskiner (PC-ar, serverar m.m.) med utnyttbar levetid på 3 år eller meir er balanseførte som eigne grupper. Varige driftsmiddel blir skrivne ned til verkeleg verdi ved endra bruk eller utnytting, dersom verkeleg verdi er lågare enn balanseført verdi.

Klassifisering og vurdering av omløpsmiddel og kortsiktig gjeld

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter innkjøpstidspunktet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel / langsiktig gjeld.

Omløpsmiddel blir vurderte til det lågaste av innkjøpskostnaden og den verkelege verdien. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Behaldning av varer og driftsmateriell

